



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

# Årsmelding 2011

## Hovudutval for plan og næring



Hovudtuval for plan og næring legg med dette fram årsmelding for 2011.

Årsmeldinga er utarbeidd av plan- og samfunnsavdelinga og næringsavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune.  
Årsrapporten fra Innovasjon Norge er innhenta og ligg som vedlegg i dokumentet.

Leikanger, mars 2012.



Hilmar Høl, Ap



Jorunn Eide  
Kirketeig, Ap



Arve Helle, Ap



Karen Marie  
Hjelmeseter, Sp



Aleksander  
Øren Heen, Sp



Bjørn Hollevik,  
H



Rita Navarsete,  
Frp



Klaus Iversen, V



Olav Klungre,  
Krf

Fylkesdirektør for plan og samfunn,  
Svein Arne Skuggen Hoff

Fylkesdirektør for næring,  
Jan Heggheim

# Innhold

Politisk styring .....	4	Folkehelse, klima og miljø og internasjonalt arbeid .....	18
Administrasjon .....	6	Klima og miljø.....	18
Plan- og samfunnsavdelinga (PSA) .....	6	Internasjonalt arbeid .....	19
Næringsavdelinga (NA).....	6		
Plan og næring - arbeidsområde for sektoren .....	7	Næringsutvikling .....	20
Økonomi .....	7	Kommunal næringsutvikling.....	20
Fylkesplan og programarbeid .....	8	Omstillingsarbeid .....	20
Frå fylkesplan til regional planstrategi.....	8	INU-FSF .....	20
Oppfølging av fylkesplanmeldinga .....	8	Næringsbarometeret .....	20
Sentrale politiske saker i 2011 - oppsummering .....	8	Rekruttering og busetting .....	22
Fylkesplanprogram Fornyning av offentleg .....	9	Bedriftsretta støtte gjennom Innovasjon Norge ....	22
Fylkesplanprogram Entreprenørskap og .....	9	Innovasjon, forsking og utvikling .....	22
Program Folkehelse og livsutfalding .....	10	Næringshagane.....	23
Plan og samfunnsutvikling .....	11	Reiseliv .....	23
Kommunane er viktige samarbeidspartar .....	11	Landbruk .....	23
Motsegnssaker.....	11	Havbruk og fiskeri .....	23
Tettstadutvikling .....	11		
Strandsoneanalyse.....	13	Vedlegg .....	27
Lokal utvikling i kommunane - LUK .....	13		
Bulyst.....	13		
Friluftsliv, vilt og fisk.....	14		
Vasskraftsaker, kraftlinjesaker og vindkraftsaker...14	14		
Vassforvaltning .....	14		
"Naturarven som verdiskaper" .....	17		
Verkty i planlegging (GIS).....	17		
Fylkesatlas .....	17		

# Politisk styring

Hovudutvalet for plan og næring (HPN) er fylkeskommunen sitt hovudutval for plan- og næringssaker. Etter kommune- og fylkesvalet i september 2011, blei følgjande representantar valt til hovudutval for plan og næring i perioden 2011-2015:

## Hovudutval for plan og næring 2011-2015

Representantar	Vararepresentantar
<b>Hilmar Høl, Ap, leiar</b>	Bjørnar Førde, Ap
<b>Jorunn Eide Kirketeig, Ap</b>	Rita Ørnhaug, Ap
<b>Arve Helle, Ap</b>	Håkon Myrvang, Ap
	Marta Finden Halset, Ap
	Oscar Bergheim, Ap
<b>Karen Marie Hjelmeseter, Sp, nestleiar</b>	Gunn Sande, Sp
<b>Aleksander Øren Heen, Sp</b>	Mari Andrea Næss, Sp
	Hallvard Hallstein Oppedal, Sp
	Kjetil Høgset Felde, Sp
<b>Bjørn Hollevik, H</b>	Jacob Andreas Nødseth, H
	Sven Flo, H
	Ingvild Standnes, H
	Yolima Ramsevi, H
<b>Rita Navarsete, Frp</b>	Lars- Svein Drabløs, Frp
	Britt Dalsbotten, Frp
	John Kåre Larsen, Frp
<b>Klaus Iversen, V</b>	Marianne Øren, V
	Gunnar Osland Mandelid, V
	Brynhild Lund Notøy, V
<b>Olav Klungre, Krf</b>	Beate Bondevik Lie, Krf
	Sissel Ommedal, Krf
	Jostein Ryland, Krf
	Hanne Sofie Sæterlid, Krf

### Hovudutval for plan og næring 2007-2011

Representantar	Vararepresentantar
<b>Kjartan Longva, Ap, leiar</b>	Arve Helle, Ap
<b>Jorunn Eide Kirketeig, Ap</b>	Aud Wesenstund Ødejord, Ap
<b>Aud Kari Steinsland, Ap</b>	Atle Reidar Sandnes, Ap
	Liv Bulling, Ap
	Håkon Myrvang, Ap
<b>Jarle Skartun, Sp, nestleiar</b>	Asgeir Olav Solheim, Sp
<b>Jenny Følling, Sp</b>	Per Kjøllesdal, Sp
	Bjørg Bergheim, Sp
	May Britt Martinsen, Sp
<b>Mathias Råheim, H</b>	Oddveig Birkeland, H
	Olin Johanne Henden, H
	Rolf Domstein, H
<b>Svein Hansen, Frp</b>	Norvald Hovland, Frp
	Kari Lie, Frp
	Marit Ragnhild Swensen, Frp
<b>Klaus Iversen, V</b>	Svenn Øvrebø, V
	Anne von der Vlugt Erstad, V
	Eva Marry Ramstad, V
<b>Heidi-Kathrin Osland, SV</b>	Hilde Kvamsås Aa, SV
	Isak Berle, SV
	Leif Longvanes, SV

# Administrasjon

## PLAN- OG SAMFUNNSAVDELINGA (PSA)

---

Skuggen Hoff, Svein Arne	Fylkesdirektør
BjørnSEN, Emma	Fagkoordinator, folkehelse
Ekehaug, Heidi Karin	Rådgjevar (frå 01.08.11)
Farstad, Merete	Seniorrådgjevar vassforvaltning (80 %)
Hasund, Torbjørn	Rådgjevar, plan og bygningslova
Helgheim, Joar	Rådgjevar, friluftsliv, fisk og vilt
Helseth, Elisabeth Veivåg	Rådgjevar, klima og miljø
Juliussen, Siren Skåmestø	Rådgjevar
Kristoffersen, Jo Tore	Rådgjevar, GIS og analyse
LyngaaS, Geir	Seniorrådgjevar, LUK, Bulyst
Norman, Anne-Lene	Seniorrådgjevar, folkehelse
Sagen, Idar	Seniorrådgjevar, energi og ressurs (80 %)
Solheim, Ove Henning	Prosjektleiar
Steinsland, Mona	Arkitekt, tettstadforming (80 %)
Sundby, Trond	Fagkoordinator
Øyrehaugen, Rosa Marie Skovli	Rådgjevar og Internasjonal koordinator (frå 15.05.11)

## NÆRINGSAVDELINGA (NA)

---

Heggheim, Jan	Fylkesdirektør
Høgalmen, Endre	Ass. fylkesdirektør
Arnestad, Kristin	Rådgjevar
Aune, Elisabeth	Seniorrådgjevar
Bjerkeset, Karoline	Rådgjevar
Bringebøen, Lisbeth	Rådgjevar
Fluge, Daniel	Trainee (frå 15.08.11)
Hovland, Frode	Seniorrådgjevar, marin forvaltning
Hustveit, Lars	Fagkoordinator
Johnsen, Arne Monrad	Seniorrådgjevar, regional FoU, innovasjon og utvikling
Lien, Maren Steinberg	Rådgjevar (frå 01.10.11)
Lille-Homb, Kai	Seniorrådgjevar (33 %)
Lundteigen, Tor Einar	Rådgjevar (til 01.06.11)
Nervik, Lisbeth	Rådgjevar (til 10.08.11)
Rise, Jan Ivar	Rådgjevar, prosjekt komm. næringsutvikling (frå 15.08.11)
Schaathun, Audhild	Seniorrådgjevar, næringsutvikling (50 %)
Sunde, Audun Erik	Seniorrådgjevar, olje/gass/energi
Søderholm, Lena	Fagkoordinator, marin
Vattekar, Stig	Rådgjevar (til 01.07.11)

# Plan og næring - arbeidsområde for sektoren

Ansvarsområda til plan- og samfunnsavdelinga og næringsavdelinga høyrer til hjå hovudutvalet for plan og næring.

Plan- og samfunnsavdelinga deltek i arbeidet med å løyse planleggingsoppgåver etter plan- og bygningslova i samarbeid med kommunale, regionale og statlege organ. Plan- og samfunnsavdelinga er aktive i fylkeskommunen sitt arbeid for å sette dagsorden i aktuelle saker knytt til samfunnsutvikling lokalt og regionalt, og har ansvar for å samordne fylkesplanarbeidet (fylkesplan og andre regionale planar). Avdelinga har og koordinatorrolla for folkehelsearbeidet til fylkeskommunen, rettleatingsansvar i høve kommunane når det gjeld planlegging etter plan og byggingslova, klima og miljø, friluftsliv og jakt og fiske. I tillegg ligg fylkeskommunen sitt forvaltningsansvar og koordinatoransvar knytt til vassdragssaker, vassressursforvaltninga hjå plan- og samfunnsavdelinga. Avdelinga har og ansvar for utvikling av fylkeskommunen sin politikk på områda internasjonalt arbeid, ungdom og innvandring. Avdelinga har også fått eit viktig samordningsoppdrag på tvers av avdelingane for å bidra til at fylkeskommunen står fram mest mogleg heilskapleg i høve partnarskapen.

Næringsavdelinga gir fylkespolitikarane eit godt fagleg grunnlag for å utforme næringsspolitikken i fylket. Næringsavdelinga har som si overordna oppgåve å legge til rette for næringssutvikling i heile fylket, noko som er ein viktig del av fylkeskommunen si rolle som regional utviklingsaktør. Gjennom partnarskap med ei lang rekke aktørar i fylket, er næringsavdelinga med på å gjere det mogleg å skape nye arbeidsplassar og nye næringar, samstundes som også eksisterande næringar skal verte vidareutvikla. Næringsavdelinga samarbeider tett med

kommunane i fylket og Innovasjon Noreg for at næringssliv og etablerarar skal lukkast. I 2011 har fagleg innsats frå næringsavdelinga særskilt vore på hovudsatsingsområda energi, entreprenørskap, forsking og utvikling, kommunal næringssutvikling, landbruk, marin og reiseliv.

## ØKONOMI

Plan og næring hadde eit budsjett på 121,73 mill. kr til utviklingstiltak i fylket i 2011. Desse gjekk til næringssarbeid, lokal samfunnsutvikling, folkehelse og miljø og naturressursar. Dei største satsingane les du i tabellen nedst på sida.

I tillegg kom midlar som Kommunal- og regionaldepartementet tildelte på 38,3 mill. kr i kompensasjon for høg arbeidsgjevaravgift i Flora, Sogndal og Førde. Midlane var forvalta av stiftinga INU-FSF på grunnlag av handlingsplan som var godkjent av fylkeskommunen.

Det vart også tildelt 9 mill. kr til utbygging av breiband og mobildekning:

- 6,54 mill. kr. vart fordelt til prosjekt som skal gje raskare breiband (fiber) primært for næringsslivet
- 2,33 mill. kr. gjekk til utbygging og utbetring av mobildekninga i fylket

Det vart i tillegg nytt 0,42 mill. kr til oppfølging av prosjekta. Satsinga vart finansiert med 8,4 mill. kr frå KRD si 2011-løyving, det resterande av restmidlar frå tidlegare år.

Gjennom IT-forum Sogn og Fjordane har fylkeskommunen bidrige til å etablere Nasjonalt breibandsråd.

<b>Store satsingar (mill. kroner)</b>	<b>2009</b>	<b>2010</b>	<b>2011</b>
Bedriftsretta tiltak gjennom Innovasjon Norge	45,00	46,00	41,70
Omstillingsarbeid i kommunar	7,70	9,30	9,00
Kommunale næringssfond	12,40	14,55	18,50
Reiselivssatsing	6,15	6,95	10,90
Tettstadutvikling	5,10	5,60	5,20
Folkehelsesatsing	2,20*	4,55	4,75
* Ein større del vart finansiert av staten.			

## **SENTRALE POLITISKE SAKER I 2011 - OPPSUMMERING**

Fylkestinget vedtok i sak 33/11 Regional plan for vindkraft. Planen var ute på offentleg høyring og skal vere eit viktig grunnlag for Noregs vassdrags- energidirektorat (NVE) si handsaming av enkeltprosjekt.

Deloitte har i 2011 laga ein forvaltningsrevisjon av næringsretta tiltak på oppdrag frå kontrollutvalet. I sak 44/11 vart rapporten teken til etterretting av Fylkestinget og fylkesrådmannen fekk i oppdrag å gjennomføre tiltaka i rapporten. Eit av tiltaka er mellom anna at ansvarsfordelinga mellom Næringsavdelinga og INU-FSF må vere tilstrekkeleg tydeleg.

I sak 55/11 vart eit analyse- og utfordringsdokument om regional planstrategi teke til vitande av Fylkestinget. Det var

lista opp utfordringar som skal handsamast vidare før endeleg utforming av regional planstrategi.

I sak 60/11 vart det inngått avtale mellom fylkeskommunen og Ugt Entreprenørskap for åra 2012-2014. Avtalen definerer felles mål og retningslinjer for arbeidet med entreprenørskap i grunnskule, vidaregående skule og høgskule dei neste tre åra. Gjennom ein langsiktig avtale vert arbeidet meir føreseieleg.

Fylkesutvalet (FU) handsama i sak 92/11 den første kommuneplanen etter innføring av nytt delegeringsreglement som seier at fylkesutvalet skal uttale seg til samfunnssdelen med handlingsdel som er til høyring.

# **Fylkesplan og programarbeid**

## **FRÅ FYLKESPLAN TIL REGIONAL PLANSTRATEGI**

Fylkesutvalet er fylkesplanutval. Regionale og kommunale planar blir difor berre unntaksvis lagt fram for Hovudutvalet for plan og næring (HPN) før dei går vidare til FU. Iverksetting og oppfølging av tiltak som følgje av dei regionale planane og saker innafor PSA og NA sine ansvarsområde som ikkje er delegert til fylkesdirektørane vert lagt fram for HPN.

Noverande fylkesplan vart vedteken for perioden 2005-2008. I 2010 vedtok fylkestinget gjennom fylkesplanmeldinga at verketida skulle forlengast ut 2012. I ny planlov er fylkesplan erstatta med regional planstrategi som einaste lovpålagnedde oppgåve. Fylkestinget skal vedta regional planstrategi i oktober 2012.

I 2011 har administrasjonen førebudd arbeidet med regional planstrategi mellom anna gjennom møte med partnarskapen og etablering av fylkesspegele. Ein viktig del av dette arbeidet er analyse og utfordringsdokumentet som fylkestinget vedtok i desember 2011. Fylkestinget vedtok også å starte opp arbeidet med regional transportplan og ein skulebruksplan for vidaregåande opplæring. Planane vil bli samordna med regional planstrategi.

## **OPPFØLGING AV FYLKESPLANMELDINGA**

Fylkesplanmeldinga slår fast kva som bør vektleggast i siste del av den forlenga fylkesplanperioden. I tråd med dette låg mellom anna desse tiltaka til grunn for arbeidet i 2011:

- Heilskapleg og koordinert tilnærming gjennom innovasjon, samhandling og omstilling.
- Sterkare fokus på bu og leve og folkehelse, samt kople organisasjonslivet tettare på oppfølginga av fylkesplanen.
- Kommunane skal vere ein sentral arena for oppfølging/ lokal samfunnsutvikling.
- Sterkare satsing på senterutvikling for mellom anna å sikre god tilgang til arbeidsplassar som krev høgare utdanning.
- Sterkare satsing på arbeidsplassar som krev høgare utdanning.
- Utvikling av regional politikk for innvandring.
- Tyngre økonomisk oppfølging av klimaplanen.
- Utvikle kunnskap om samfunnsutviklinga i fylket og setje dagsorden for samfunnsdebatten.

## **Fylkesspegel Sogn og Fjordane**

Fylkesspegele er ein felles nettstad for kontinuerleg statistikk og kunnskap om utviklinga i fylket. Fylkesspegele vart oppretta i 2011 som eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, Fylkesmannen, Høgskulen i Sogn og Fjordane og NAV Sogn og Fjordane. Fylkesspegele skal koncentrere seg om regionale problemstillingar, og leggje til rette for analysar av bu- og levekår og utfordringar i kommunane. Mykje av statistikken er på kommunenivå.

## FYLKESPLANPROGRAM FORNYING AV OFFENTLEG SEKTOR OG IKT

Representantar frå Fylkesmannen, Kommunenes Sentralforbund (KS), Rådmannsutvalet i Sogn og Fjordane og fylkeskommunen har delteke i programmet i 2011.

### Mål og satsingar

Dei overordna måla som ligg til grunn for programstyret sitt arbeid er forankra i fylkesplanen sin handlingsplan Folkestyre, medverknad og offentleg verksem:

- Styrke folkestyre, medverknad og fornying av offentleg sektor.
- Utvikle ein robust offentleg sektor som utnyttar ressursane effektivt, kommuniserer godt med innbyggjarane og produserer tenester med høg kvalitet for innbyggjarar, næringsliv og frivillig sektor.

Programstyret trur at utviklingsarbeidet vil bety samordna ressursbruk i arbeidet med fornying av offentleg sektor i fylket. Det skal etablerast nettverk og arenaer for erfaringsutveksling og læring i sektoren. Programstyret ønskjer å etablere fylket som leiande i bruk av IKT som verktøy for effektivisering, brukardialog og tenesteutvikling i offentleg sektor.

Programmet Fornyng av offentleg sektor og IKT er etablert for å følgje opp denne satsinga. Programmet skal vere ein arena for koordinering og samarbeid mellom nært slekta utviklingsarbeid.

### Aktivitet

For 2011 sette Fylkesmannen av 5,5 mill. kr av skjønnsmidlane til fornying av offentleg sektor. Fylkeskommunen løyvde 2,4 mill. kr til programstyret i 2011. Med restmidlar frå tidlegare år var totalramma frå fylkeskommunen om lag 3,9 mill. kr.

Oversikt over korleis midlane blei brukte ser du i tabellen på botnen av sida.

Skjønnsmidlar til fornying av offentleg sektor	Tilskot (kr)
Motivasjon og meistring i det 13-årige skuleløpet	500 000
Sats på skulen - snu Sogn, med vidareutvikling av fagnettverk, barnehage og entreprenørskap	950 000
Digitalt planregister i Nordfjord	1 050 000
Metodar og hjelpemiddel for avdekking av og oppfølging av ulovlege tilhøve plan- og bygningslova i strandsona og elles i kommunane i regionrådet Nordhordland IKS	150 000
Norsk for framtida	700 000
Politikarportal i 11 kommunar (SYS + Flora)	350 000
Opne kommunedata	250 000
<b>Sum</b>	<b>3 950 000</b>

## Aktivitet

Måla har vore søkt oppnådd gjennom fleire konkrete tiltak under to ulike målområde. Målområda har igjen vore delt inn i to ulike arbeidsområde med eigne tiltak.

1. Målområde 1: Entreprenørskap og nyskaping, gjennom a) Ungt entreprenørskap, og b) Kompetanseutvikling
2. Målområde 2: Entreprenørskap og lokalsamfunnet, gjennom c) Samarbeid mellom næringsliv og skule, og d) Samhandling for «dei driftige».

Programstyret har gjennomført fleire tiltak knytt til målområda. Til målområde 1 har fylkeskommunen løyvd midlar direkte til UE, og programstyret har også løyvd midlar til eit prosjekt i regi av UE som skal sjå på mogelegheita for å utvide UE sitt arbeid til fleire bransjar. Programstyret har utlyst midlar til mindre entreprenørskapsstiltak for å bidra til kompetanseutvikling innan entreprenørskap.

For målområde 2 anbefalte programstyret fylkeskommunen å støtte eit prosjekt i regi av NHO Sogn og Fjordane og UE kalla «Prosjekt veival».

Programstyret nytta midlane frå fylkeskommunen slik:

Prosjekt	Tilskot (kr)
Utviklingsprosjekt EU	200 000
Kompetansebygging og entreprenørskap	80 000
Stimuleringsmidlar barnehage, grunnskule og vgs	420 000
Internasjonalt samarbeid og regionale utviklingsprosjekt	280 000
Sum	980 000

## Resultat

Programstyret har arbeidd godt for å nå måla i programplanen for 2011-2012. Programstyret har gjennomført gode tiltak med omsyn til entreprenørskap og skule, og bidrige til auka kompetanse om entreprenørskap hjå pedagogisk personell, og i lokalsamfunna. Rapporten «Entreprenørskap på høygir» frå 2009 peikar på at sjølv om fylket er gode på entreprenørskap, ser det likevel ikkje ut til at resultatet er kome i form av bedriftsetableringar. Programstyret har vurdert eigne vedtak og iverksette tiltak dette året som gode, men det synest vanskeleg å finne dei tiltaka som verkeleg bidreg til bedriftsetableringar. Programstyret poengterer at det er naudsynt å skaffe kunnskap kring kva som gjer at ungdom eventuelt ikkje startar bedrift sjølv etter eit utdanningsløp der entreprenørskap har vore i fokus, før programstyret kan vere sikre på at det er dei rette tiltaka som vert sett i verk.

## PROGRAM FOLKEHELSE OG LIVSUTFALDING

I tillegg til å invitere kommunar og regionale instansar til deltaking i prosjekt, fungerer programmet fungerer som ein arena for diskusjonar om overordna politikk, føringar og strategiar på det samla folkehelseområdet. Det er ein styrke for folkehelsearbeidet at sentrale aktørar i fylket kan diskutere regionale og lokale utfordringar på feltet sett inn mot statlege føringar, og prioritere aktivitet på dei mest utsette områda.

Folkehelselova og samhandlingsreforma har verka inn på programmet sitt arbeid. Mellom anna er partnarskapsarbeidet, oppfølginga av kommunane og kompetanseheving vorte lovpålagde oppgåve for fylkeskommunen, og difor lagt til plan- og samfunnsavdelinga.

## Deltaking

Representantar frå Fylkesmannen, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Helse Førde og fylkeskommunen har delteke i programmet i 2011.

## Mål og satsingar

Dei overordna måla programmet har jobba etter er:

- Redusere bruk av rusmidlar og hindre tidleg debut
- Redusere bruk av tobakk og snus
- Auka fysisk aktivitet i befolkninga, spesielt for utsette grupper og inaktive
- Fremme eit sunnare kosthald
- Redusere skader og ulykker
- Skape eit meir inkluderande samfunn med deltaking og meistring

## Aktivitet

Fylkeskommunen løyvde i 2011 1,5 mill. kr til folkehelse og livsutfalding. I tillegg vart unytta midlar frå tidlegare år overført. Programmet nytta 2,067 mill. kr i frå fylkeskommunen slik som vist i tabellen øvst på neste side.

## Resultat

Programstyret har gjennomført gode og målretta tiltak som er i tråd med nasjonale og regionale utfordringar. Satsingsområda har i stor grad ført til kompetanseheving for dei som deltek. I nokre prosjekt er kompetancesamlingar gjennomført.

Programstyret har eit stort nettverk av kommunar, andre offentlege instansar, frivillige organisasjonar og tilsette i dei organisasjonane som medlemmane representerer. Dette er svært verdifullt, og er noko deltarane vil profitere på også etter at programmet er over.

<b>Midlar til folkehelse og livsutfalding</b>	<b>Tilskot (kr)</b>
Trygge lokalsamfunn (TL): Rådgjevar tilsett i 100 % ut 2012 som skal jobbe saman med dei 8 deltakande kommunane	250 000
Frisklivssentralar: starta opp i 9 kommunar. Programmet har gått inn med eigne midlar i tillegg til statlege tilskot.	350 000
Danseverkstadordninga: Prosjektleiar i 100 % stilling i 1 år for å styrke ordninga, bistå kommunar og ungdommane i drift/tiltak.	250 000
Lågterskeltiltak fysisk aktivitet: Stønadssordning for frivillige organisasjonar til tiltak tilrettelagt for inaktive/utsette grupper.	350 000
Ernæring: kompetanseheving for tilsette i barnehagar og grunnskular, kurs/samling for kantinepersonale i vgs mm.	280 000
Helseovervaking: 1)Undersøking gjennomført hausten 2011 blant elevar i 6. og 8. klasse i alle kommunane. 2)Kjøp av teneste hos Høgskulen til systematisering av data innan fysisk aktivitet	350 000
Ungdomsmusikal: Tilskot til musical gjennomført i 2010	137 000
Musikk i Asylmottak: Tilskot til prosjekt i regi av Fylkessenteret for musikkterapi	100 000
<b>Sum</b>	<b>2 067 000</b>

# Plan og samfunnsutvikling

Fylkeskommunen rettleiar og samarbeider med kommunane i planverksemd etter plan- og bygningslova. Regional planstrategi og regionale planar er retningsgjevande for kommunane i deira plan- og utviklingsarbeid.

## KOMMUNANE ER VIKTIGE SAMARBEIDSPARTAR

I samband med ny plan- og bygningslov gjennomførte fylkeskommunen og fylkesmannen i 2011 eit to-dagars planseminar med deltaking frå dei fleste kommunane. 119 kommune-/kommunedelplanar og reguleringsplanar har vore på høyring. PSA handsama 80 av desse

## MOTSEGNSSAKER

Det vart i 2011 reist 31 motsegn til kommunale arealplanar. Sakene er hovudsakleg fremja av miljøvernnavdelinga ved Fylkesmannen.

Den største motsegnssaka i 2011 vart reist av Fiskeridirektoratet til reguleringsplan for gruve drift i Vevring med utslepp til Førdefjorden. Motsegna gjekk til Miljøverndepartementet direkte utan mekling. MD skal handsame saka saman med Statens klima- og forureiningstilsyn (KLIFF). Dei andre motsegnene til kommunale planar gjaldt i hovudsak arealbruk i konflikt med skred og flaum, strandvern, vassdragsvern, naturmangfold

## Planforum

Fylkeskommunen er leiar for Planforum, som er eit forum for kommunane og dei regionale aktørane innan arealplanlegging. Måla med Planforum er:

- Auka samarbeid for betre arealplanlegging i samsvar med nasjonale og regionale mål og utfordringar.
- Redusere/løyse konfliktar i arealplansaker

I 2011 vart det avvikla elleve møte i Planforum, der kommunane fekk rettleiing og innspel på relevante tema knytt til eigne planar.

og manglande/mangelfull ROS - analyse (sikkerheits- og sårbarheitsanalyse).

## TETTSTADUTVIKLING

Tettstadutvikling gjennom tettstadforming er ei satsing i fylkesplanen innanfor næringsutvikling, folkehelse, kultur og læring. Utnytting og fortetting av areal med kvalitet skal bidra til å skape trygge og gode miljø og gjere offentlege bygningar og uterom meir tilgjengelege for alle. Fylkeskommunen si tilskotsordning er ei drivkraft i dette



Fylkesprisen for iderike bygder vart tildelt Viksdalen v/ Viksdalen bygdalag. Det var Linda Kristin Oppedal og Heidi Vallestad som tok i mot prisen 30 000 kroner på vegne av bygdalaget. Foto: Henning Rivedal/Sogn og Fjordane fylkeskommune)

Midlar til tettstadutvikling		
Kommune	Prosjekt	Tilskot (kr)
Askvoll	«Sørvestpassasjen»	301 200
Aurland	Stadanalyse Undredal	94 800
Bremanger	Ny sjøfront	484 000
Eid	Kulturhistorisk analyse av Lunden	160 000
Fjaler	Lyssetting av sentrumsplassen	450 000
Fjaler	Lyssetting av sentrumsplassen	450 000
Førde	Fiskesti/gang/sykkelveg	500 000
Leikanger	Sentrumsplassen, delprosjekt	1 920 000
Naustdal	Stadanalyse Sanden	150 000
Sogndal	Fjordstien	500 000
Vik	Vikøyri Strandpark	290 000
Vågsøy	Stadanalyse Måløy sentrum	350 000
Sum		5 200 000

arbeidet. Midlane går til kommunale opparbeidingsprosjekt i sentrumsområda. I 2011 vart det tildelt 5,2 mill. kr. I tabellen over ser du tilskota kommunane fekk i 2011.

## STRANDSONEANALYSE

Målsettinga med tilskotsordninga for strandsoneanalyse er å stimulere kommunane til å kvalitetssikre planlegginga i strandsona utanfor sentrumsområda. Det vart sett av 300 000 kroner i budsjettet for 2011. Desse kommunane fekk løyvd midlar i 2011:

Gulen	Eivindvik og Sløvåg	kr 150 000
Høyanger	Overordna strandsoneanalyse for heile kommunen	kr 70 000
Stryn	Delområde nær sentrum	kr 40 000

Gulen kommune er i gang med del 2, der resten av strandsona vil bli analysert i samband med kommunedelplanane for desse områda. Stipulert til kr 150 000.

## LOKAL UTVIKLING I KOMMUNANE - LUK

Sogn og Fjordane er teke opp i KRD si nye LUK-satsing. Satsinga skal betre fylkeskommunen sin kapasitet og kompetanse i å styrke kommunane som utviklingsaktørar og deira kontinuerlege arbeid med å bygge opp attraktive lokalsamfunn. Private initiativ skal vere godt integrerte i

utviklingsarbeidet. I Sogn og Fjordane legg vi opp til ein innsats for metodeutvikling, med stor vekt på forankring av lokal samfunnsutvikling i overordna kommunale planar. LUK vert sett i samanheng med andre satsingar, prosjekt og arbeid som blant anna Bulyst, Prosjekt gjennomføringsevne<sup>1</sup>, kommunal næringsutvikling, kommunekanalen, fylkesspegle og analyse- og utfordringsdokumentet. I tillegg skal LUK-satsinga koplast saman med ulike kommunale prosjekt. Distriktscenteret skal bidra med å hente ut metodekunnskap frå arbeidet som kan nyttast til overføring og læring.

## BULYST

KRD si Bulyst-satsing har som føremål å legge til rette for auka bulyst og meir attraktive lokalsamfunn. Fylkeskommunen vurderte satsinga på Bulyst i samanheng med mellom anna satsing på LUK og oppfølging av framlegga frå "Tenketanken"<sup>2</sup>. Det vart lagt særleg vekt på at prosjekta er godt forankra, og at dei er nyskapande og har overføringsverdi.

<sup>1</sup> Prosjekt gjennomføringsevne er avslutta som forprosjekt. Forprosjektet peika på utfordringar som vi no i større grad tek omsyn til for å styrke samarbeid med partnarskapen.

<sup>2</sup> Fylkestinget vedtok i juni 2008 ei rekke tiltak som skulle følgjast opp etter arbeidet som vart gjort av arbeidsgruppa "Tenketanken", som tidlegare fylkesordførar Nils R. Sandal oppnemnde i 2007 for å sjå på nye og alternative utviklingsstrategiar for fylket

Det kom inn 27 søknader i 2011. KRD tok opp desse fire nye regionale hovudprosjekta samt eitt på nasjonalt nivå:

- Solund til 1000
- BuiStryn - Designlandet
- Preform Fjaler - Fjaler kommune som arena for internasjonal kunst og kultur
- Kulturbasert entreprenørskap - Lærdal kommune v/ ungdomsrådet

Nasjonalt:

- Huset i bygda, Sogn og Fjordane ungdomslag og Norske kulturbrygg

I tillegg til kjem dei tre satsingane som er vidareført i frå 2010: Vårt akademi for Kultur og Næring - VAKN (hovudprosjekt), Preform (forprosjekt) og TUN+ i Sogndal og Solund (forprosjekt og hovudprosjekt). Prosjekta vart finansierte i ulike kombinasjonar av lokal, regional og nasjonal tilsegn. Fylkeskommunen følgjer opp alle med eigne kontaktpersonar, nettverkssamlingar, relevante kurs og kompetansetilbod kopla til LUK.

## **FRILUFTSLIV, VILT OG FISK**

I tillegg til råd og rettleiing til kommunane og friluftsorganisasjonane, har dei viktigaste arbeidsoppgåvene vore:

### **Friluftsliv**

Ramma for tilskot til motivering/stimulering var på kr 270 000. 14 søknader vart handsama, desse hadde eit samla søknadsbeløp på kr 871 000. Av dei 8 søkerane som fekk tildelt midlar gjekk den største tildelinga til Forum for natur og friluftsliv (FNF), Sogn og Fjordane. FNF fekk kr 120 000 for å drive nettverksarbeid mellom friluftsorganisasjonane i fylket.

Tilskot til tiltak i friluftsområde hadde ei ramme på kr 300 000. Det vart handsama og gitt tilskot til éin søknad: Gangsti og brygge i friluftsområde ved Florø Barneskule.

Fylkeskommunen var i 2011 med på å dele ut til saman 1,2 mill. kr i støtte til merking og gradering av turløyper i Sogn og Fjordane. Fylkeskommunen bidrog med om lag 340 000 kr. Resten av midlane kom frå Gjensidigestiftingen.

Det vart løyvd 200 000 kr til ei prøveordning med grunnstønad til Sogn og Fjordane turlag. Løyvinga var dekka gjennom budsjettmidlar sette av til oppfølging av Fylkesdelplan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse. Det er aktuelt med eit meir formalisert samarbeid med turlaget, til dømes gjennom ein "partnarskapsavtale" som seier noko om storleik på grunnstønad og kva vi ynskjer å jobbe for i fellesskap for å nå måla sette i fylkesdelplanen.

### **Vilt**

Ramma for tilskot til villtiltak var på 400 000 kr. Det vart handsama 14 søknader. Samla søknadsbeløp var på 746 000 kr. Av desse fekk 8 søkerar fekk tildelt midlar. Den største løyvinga fekk Norsk Hjortesenter på 80 000 kr til seminar om hjorteforvalting.

### **Fisk**

Det vart våren 2011 løyvd 70 000 kr til eit pilotprosjekt for uttynning av innlandsfisk i regi av Haukedalsvatnet grunneigarlag. Prosjektet vart seinare skrinlagt av grunneigarlaget, og løyving trekt attende.

## **VASSKRAFTSAKER, KRAFTLINJESAKER OG VINDKRAFTSAKER**

Fylkeskommunen har over ein fireårsperiode arbeidd med regionale planar for vasskraft- og vindkraftutbygging saman med: Fylkesmannen sine avdelingar for miljøvern og landbruk, Norges vassdrags og energidirektorat (NVE) region Vest. I prosjektgrupper har det i tillegg delteke representantar for kommunar og regionråd. Utkast til regionale planar vart lagde ut på høyring hausten 2010. Det kom inn mange og omfattande merknader til begge planutkasta.

Etter gjennomgang av merknader vart eit revidert planframlegg til regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging lagt fram for politisk handsaming i mars 2011. Handsaminga vart utsett og det vart bedt om nærmere utdjuping av nokre spørsmål. Det vert lagt opp til ny handsaming i første halvår 2012.

Ei revidert utgåve av Vindkraftplanen vart lagt fram for politisk handsaming våren 2011. Fylkestinget vedtok planen 8. juni 2011.

Sjå elles i vedlegg for utfyllande informasjon om vedtektsaker og uttalar til konsesjonssøknader, kraftlinjesaker og vindkraftsaker.

## **VASSFORVALTNING**

Sogn og Fjordane fylkeskommune er vassregionmyndighet for vassregion Sogn og Fjordane frå 1.januar 2010. Vassregionen følgjer nedbørsgrensene og ikkje den administrative fylkesgrensa. Dette inneber at 17 kommunar i fire nabofylke har areal som inngår i vassregionen.


I januar 2011 vart vassregionutvalet for Sogn og Fjordane etablert. I utvalet sit representantar frå alle kommunane i regionen, fylkeskommunar og aktuelle statlege sektorstyresmakter. Alle kommunane i Sogn og Fjordane har valt politiske representantar og administrative kontaktpersonar for arbeidet. Statlege sektorstyresmaktar



Laksetrapp på sørsida av Osefossen i Gaula. Foto: Elisabeth Aune/ Sogn og Fjordane fylkeskommune.



Nærøydalselvi. Foto: Merete Farstad/Sogn og Fjordane fylkeskommune.




Kart over grensene for vassregion Sogn og Fjordane.

#### Folketalsutvikling pr kommune i Sogn og Fjordane fra 2000 - 2010

2010

-5,0% >	Stark nedgang
0,0 - 4,9%	Svak/moderat nedgang
0,0 - +4,9%	Svak/moderat vekst
+5,0% <	Sterk vekst



Illustrasjon av geografiske informasjonssystem (GIS).

som er representerte i utvalet er Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), Statens vegvesen, Kystverket, Mattilsynet, Fiskeridirektoratet og Fylkesmannen. Fylkeskommunen leiar utvalet med ein representant frå fylkestinget. Karen Marie Hjelmeseter vart valt som ny leiar av vassregionutvalet i november 2011. Det er etablert ei regional referansegruppe i tilknyting til vassregionutvalet. Referansegruppa har hatt møte samstundes med vassregionutvalet og deler av møta har vore felles. Eit planprogram for vassregionen vart send på seks månaders høyring i 2011.

Vassregionen er delt inn i fire vassområde: Nordfjord, Sunnfjord, Ytre Sogn og Indre Sogn. Det er valt ein vertskommune for kvart av vassområda.

Oppstartmøte er haldne og der er etablert eit vassområde-utval for alle vassområda. Kommunane er dei viktigaste aktørane i vassområdeutvala. Sektorstyresmaktar deltek også i utvalet etter behov. Vassområdeutvalet har ansvar for å leggje til rette for lokal medverknad i vassområda, og det er utarbeidd ein prosjektplan for kvart enkelt vassområde. Det er planlagt at fylkeskommunen skal vere med å delfinansiere prosjektleiarstillingar i vassområda.

## "NATURARVEN SOM VERDISKAPER"

«Naturen som verdiskaper» er eit 5-årig verdiskapingsprogram (2009 - 2013) initiert av Miljøverndepartementet med føremål å auke verdien av verneområda og andre naturområde med spesielle kvalitetar. Programmet skal legge til rette for at slike område «blir ein viktig ressurs for sosial, kulturell, miljømessig og økonomisk utvikling og gi grunnlag for sysselsetting og verdiskaping basert på naturarven, samtidig som områda vert forvalta slik at naturens mangfold vert teke vare på.»

Det er plukka ut 10 område i heile landet etter ein søknadsrunde. Sogn og Fjordane deltek med 3 område, HAFS-kommunane: «Kystarven», Luster: «Mellom fjell, fjord og folk» og Aurland: prosjektet "Verdiskaping skjer i møtet" i regi av Verdsarvparken Nærøyfjorden.

Fylkeskommunen budsjetterer med 900.000 kroner per år i programperioden. I 2011 vart det løyvd 350 000 kr til «Kystarven». (400 000 kr i 2010) og 250.000 kr til prosjektet i Luster.

## VERKTY I PLANLEGGING - GEOGRAFISKE INFORMASJONSSYSTEM (GIS)

Fylkeskommunen brukte i 2011 ArcMap10 til å lage kart. For å samle inn kartdata nytta vi ArcPad10. ArcMap og ArcPad er program for å lage og vise geografisk informasjon.

Ved utgangen av 2011 var det 17 maskiner med GIS programvarer fordelt på avdelingane i fylkeskommunen. I 2011 investerte samferdsleavdelinga i to sett med C-POS-antennar. C-pos er ei teneste som gjer at vi kan drive eigen og nøyaktig oppmåling.

Utstyret har vore nytta i samband med bussanbod-prosjektet. C-POS utstyret gjer GPS målingar mogleg med nøyaktigkeit til 1 cm. Den nye versjonen av ArcPad gjer det mogleg å bygge eigne registreringsskjema for innsamling av data. Dette vil truleg føre til utvida bruk av GIS i åra framover.

GIS har i løpet av 2011 vorte brukt til:

- Registrering av busshaldeplassar i fylket.
- Registrering av fylkeskommunale eigedommar
- Kart som illustrerer folketalsutvikling på kommune - og grunnkretsniå til bruk i Fylkesspegl.
- Planlegging av feltsesong på kulturavdelinga for feltregistrering.
- Bruk i felt under registrering av busshaldeplassar og kulturminne.
- Framstilling av kart i samband med kulturminneregistrering.
- Stadnamnregistrering hjå Fylkesarkivet.

## FYLKESATLAS

Føremålet med Fylkesatlas er å gje ein samla tilgang til ulike tema i Sogn og Fjordane. Målgruppene er sakhandsamarar hjå Fylkesmannen, fylkeskommunen, kommunane og private. Vi har fått gode tilbakemeldingar på at dei brukar kartløysninga til sakhandsaming i mange samanhengar.

Følgjande nye tema og faner er lagt til i Fylkesatlas i 2011: Fane for generell kartinformasjon og Regional plan for vindkraft. Av nye tema er det vassområde for Sogn og Fjordane, satellittbase vegetasjonskartlegging og avløpsdata.

# Folkehelse, klima og miljø og internasjonalt arbeid

Det er teikna partnarskapsavtalar med 21 kommunar og to frivillige organisasjoner. Fylkeskommunen har samarbeidd tett med fylkesmannen i partnarskapsarbeidet og i gjennomføringa av nasjonale og regionale satsingar. Høgskulen og Helse-Førde er andre viktige samarbeidspartar.

Regionale ressursgrupper vart etablerte på nytt hausten 2011 etter eit opphold på nesten to år. Gruppene er ein viktig del av partnarskapen, og er organiserte rundt tre tema: ernæring og tobakk, fysisk aktivitet og friluftsliv, samt trygge, levande og inkluderande lokalsamfunn.

## Helseovervaking - ungdomsundersøking

Hausten 2011 gjennomførte HEMIL-senteret (Senter for forsking om helsefremmende arbeid, miljø og livsstil) ved Institutt for Samfunnsmedisinske fag ved Universitetet i Bergen og Høgskulen i Sogn og Fjordane ei undersøking blant elevane i 6. og 8. klasse i fylket. Undersøkinga, eit spørjeskjema med om lag 90 spørsmål, er godt utprøvd og vert nytta i 43 land inkludert Noreg. Vi får dermed eit interessant samanlikningsgrunnlag.

Undersøkinga skal også gjennomførast i 2013 for 8. og 10. klasse, og i 2015 for 10. klasse og grunnkurs vgs. Vi følgjer dermed dei same elevane over ein periode på 6 år. Elevar frå alle kommunane i Sogn og Fjordane deltek. Resultata frå den første undersøkinga vil føreligge i mars/april 2012, og datamaterialet vert presentert for kvar enkelt kommune.

## Helse i plan

Forankring av folkehelse i planarbeidet er eit lovfesta ansvar for fylkeskommunane og kommunane både i plan- og bygningslova av 1.7.2009 og i folkehelselova av 1.1.2012. I 2011 blei det sett i gong eit systematisk arbeid med å rådgje kommunane om korleis folkehelse kan implementerast i planar, det vart utarbeidd ei sjekkliste dei kan nytte og elles vart det gitt høyringsuttale til planar.

## Universell utforming

I 2011 vart det sett i gang arbeid med å opparbeide og etablere eit forum med kompetanse innan universell utforming på ulike samfunnstjenester, der kompetansen kan etterspørjast og overførast. Hovudmålsetjinga er å auke bevisstgjeringa i fylket, fremme målretta arbeid og få til direkte koplingar mot kompetansemiljøa. Forum for universell utforming er tett kopla til ressursgruppa for Trygge, levande og inkluderande lokalsamfunn.

## Tilskot til utstyrssentral for ungdom

Det vart i november 2011 lyst ut tilskot til ei prøveordning for etablering av kommunale utstyrssentralar for ungdom. Formålet er å bidra til sosial utjamning, inkludering og at fleire unge er i aktivitet og får oppleve glede i det å drive eit mangfold av sports- og friluftsaktivitetar.

## Konferansar

Kvart år samarbeider Høgskulen i Sogn og Fjordane, Fylkesmannen og fylkeskommunen om ein konferanse for fysisk aktivitet og helse som er lagd til Sogndal. I mai 2011 var temaet "Friluftsliv og folkehelse i politikk og praksis". Folkehelsedagane 2011 «Kunnskap, koordinering, klokskap – for eit tryggare lokalsamfunn» vart avvikla i november.

## KLIMA OG MILJØ

Styringsgruppa for klimasamarbeid i fylket består av representantar frå KS, Fylkesmannen og fylkeskommunen. Styringsgruppa er sentral for oppfølginga av fylkesdelplan for klima og miljø i kommunane, og hadde fire møte i 2011.

Fylkesdelplan for klima og miljø vart vedteken på fylkestinget i mars 2009. Planen omfattar utsleppsreduksjon både frå forbruk og produksjon, samt klimatilpassing. I 2011 arbeidde fylkeskommunen med oppfølging av fylkesdelplanen, og det vart utarbeidd system for oppfølging av tiltaka i planen. Nokre av tiltaka vi arbeidde med i 2011 kan du lese om nedanfor.

## Analysedugnad for klimasårbarheit

Fylkeskommunen og Vestlandsforskning inviterte i 2011 kommunane i fylket til å ta del i ein dugnad for å analysere lokal klimasårbarheit og utvikle lokale klimatilpassingsstrategiar. Fylkeskommunen ser det som viktig at klimatilpassing blir eit "normalisert" politikkområde i kommunane og ein integrert del av kommunane si planlegging.

## Klimaindikatorprosjekt

Klimaindikatorprosjektet vart starta i samarbeid av fylkeskommunen og Vestlandsforskning i slutten av 2009. Målet med FoU-oppdraget er å styrke kunnskapen om korleis regionale styresmakter kan bidra til arbeidet med reduksjon av klimagassutslepp knytt til produksjon og forbruk. Sluttrapport for prosjektet vart levert våren 2012.

## Miljøfyrtårnsertifisering av den fylkeskommunale verksemda

Fylkeshuset vart miljøfyrtårnsertifisert i 2009, og i 2010 heldt arbeidet med å miljøfyrtårn-sertifisere resten av den fylkeskommunale verksemda fram. I 2011 vart Eid vgs miljøfyrtårn, medan Hafstad vgs og Sogn Jord- og Hagebruksskule er godt i gong med sertifiseringsprosessen.

## Tilskotsordning for miljøsertifisering av små og mellomstore bedrifter

Hovudutvalet for plan og næring (HPN) vedtok i november 2010 å opprette ei tilskotsordning for miljøsertifisering av små og mellomstore bedrifter og verksemder. Ordninga skal stimulere til at fleire verksemder i fylket vert miljøsertifiserte. Det vart i 2011 sett av 300 000 kr. til ordninga, som i første omgang er aktiv i ein 2-årsperiode. I 2011 fekk 14 bedrifter tilsegn om tilskot.

## Kunnskap kryssar grenser

Sogn og Fjordane fylkeskommune var i 2011 aktiv partner i Transnovaprosjektet "Kunnskap kryssar grenser" (KXG). Prosjektet søker å utvikle ein metode for å rekne reduserte utslepp som følgje av bruk av videokonferansar eller internettoverføring (streaming).

Auka bruk av slik teknologi skal bidra til reduserte klimagassutslepp gjennom mindre reising. Andre fordelaktige verknader er mindre reisetid, sparte reisekostnadar og enkel tilgang til same kunnskap for folk i distrikta som folk i sentrale strøk i fylket. Sluttrapport for prosjektet vert levert i februar 2012.

## Lokal Agenda 21 (LA 21)

Lokal Agenda 21-midlane skal bidra til å styrke lokal berekraft i kommunar og lokalsamfunn i fylket. Det vart i 2011 løyvd 250 000 kr til LA 21-prosjekt. Blant tiltaka som fekk midlar var utvikling av eit verkty for berekraftig stadutvikling og Transplant-prosjektet «Dyrebar Mat».

## Hurtigladepunkt

I november 2011 løyde HPN 115.000 kr til hurtigladestasjon for elbilar på Oppedal ferjekai. Hurtigladepunktet er ein del av ein samla strategi for å kunne køyre elbil frå Stavanger til Trondheim. Fylkeskommunen vil utarbeide eit forslag til ein strategi for hurtigladepunkt i fylket som del av ei felles satsing for dei fire vestlandsfylka gjennom vedtak i Vestlandsrådet.

## Fylkeskommunalt klimanettverk

I mai 2011 arrangerte Sogn og Fjordane fylkeskommune eit to-dagars seminar for tilsette i fylkeskommunar i Noreg som arbeider med klima og miljø. I tillegg til utsleppsreduksjon og klimatilpassing vart også organisering og samarbeid rundt klimaspørsmål diskutert.

## Forvalting av fylkeskommunen sitt enøkfond

Fylkeskommunen tildelte 1,4 mill. kroner til ulike enøk-tiltak.

## INTERNASJONALT ARBEID

Det vart i 2011 oppretta eit internasjonalt team, beståande av ein representant frå kvar avdeling i fylkesadministrasjonen og internasjonal koordinator. Teamet starta i slutten av 2011 forarbeidet til ein ny internasjonal strategi for fylkeskommunen. Sogn og Fjordane fylkeskommune er medlem av fleire internasjonale organisasjoner:

### Conference of Peripheral Maritime Regions

Conference of Peripheral Maritime Regions (CPMR) er ein interesseorganisasjon for maritime og perifere regionar i Europa. Alle kystnære fylkeskommunar i Noreg utanom Finnmark er medlem av CPMR. Sogn og Fjordane har ikkje delteke politisk i 2011, berre frå fylkesadministrasjonen.

### Nordsjøkommisjonen

Nordsjøkommisjonen (NSC) er ein av sju geografiske underkommisjonar til CPMR. Nordsjøkommisjonen er ein viktig organisasjon for Sogn og Fjordane, både som arena for politisk medverknad og for regionalt samarbeid. Sogn og Fjordane har ikkje delteke politisk i NSC i 2011, berre frå fylkesadministrasjonen.

### Vestlandsrådet

Vestlandsrådet si internasjonale gruppe er viktig for Sogn og Fjordane, og internasjonal koordinator sit her. Ved å samordne det internasjonale engasjementet vil Vestlandet ha større tyngde i høve resten av Europa.

### Euromontana

Euromontana er ein internasjonal interesseorganisasjon for fjellregionane i Europa. Organisasjonen arbeider for samarbeid mellom og utvikling i Europas fjellregionar. Fjellregionpolitikk er òg eit viktig tema i EU sin regionalpolitikk. Det har ikkje vore noko politisk deltaking frå Sogn og Fjordane i 2011.

### Vest-Norges Brusselkontor

Fylkeskommunen er medeigar i Vest-Norges Brusselkontor (VNB). Hovudoppgåvane i VNB er å synleggjere regionen som samarbeidspartner for andre europeiske regionar, og å vere ein lyttepost og døropnar mot institusjonane i EU/EØS.

# Næringsutvikling

## KOMMUNAL NÆRINGSUTVIKLING

Næringsutvikling i kommunane er eit prioritert satsingsområde, og kommunane er sentrale samarbeidspartnerar for fylkeskommunen i næringsarbeidet.

### Prosjekt «Kommunal næringsutvikling»

Prosjekt Kommunal næringsutvikling skal styrke det offentlege næringsapparatet. Denne innsatsen skal gjere førstelinetenesta i betre stand til å møte etablerarar og bedrifter på ein god måte. Fylkeskommunen, Innovasjon Norge, Fylkesmannen si landbruksavdeling og kommunane samarbeider om dette prosjektet som mellom anna har lagt grunnlag for ei omfemnande satsing på etablerarkurs. Som ein del av dette prosjektet har ein også utarbeidd nye retningsliner for kommunale næringsfond, gått gjennom organiseringa av næringsapparatet og arrangert fleire kurs og samlingar for tilsette i næringsapparatet.

### Kommunale næringsfond

Løyvingane til kommunale næringsfond var 18,5 mill. kr i 2011. Dette er ein auke på om lag 4 mill. kr frå 2010. Kommunale næringsfond skal medverke til eit godt næringsarbeid i kommunane. Fylkeskommunen stiller som krav at kommunane mellom anna må ha oppdaterte planar på næringsutvikling og ei tilfredsstillande førstelineteneste for etablerarar. Gjennom 2011 vart det jobba med nye retningsliner for kommunale næringsfond som skal gjelde frå 1.2.2012.

### Tiltaksforum

Tiltaksforum er ei nettverkssamling for medarbeidarar innan tiltaksarbeid og næringsutvikling. Det var god oppslutning på Tiltaksforum ved samlinga i Florø november 2011. Særleg gledeleg var det så mange nye ordførarar deltok. Tilbakemeldingane viser at deltakarane sette stor pris på informasjon og omvising ved Fjord Base og STX.

## OMSTILLINGSARBEID

Kommunane Askvoll, Hyllestad, Høyanger og Vågsøy hadde omstillingsstatus i 2011. Askvoll starta omstillingsarbeidet i 2011. Seint hausten 2010 vart det oppretta ein omstillingsorganisasjon, og i april 2011 var det tilsett prosjektleiarar. Vågsøy og Høyanger hadde sitt siste omstillingsår i 2011. Hyllestad avslutta sin første to-årsperiode i 2011, og har fått tildelt omstillingsstatus i to nye år etter vedtak i HPN 1.februar 2012.

Midlane til omstilling på 9 mill. kr vart fordelt slik: Høyanger 1,8 mill. kr, Vågsøy 3,25 mill. kr, Hyllestad 1,950 mill. kr og

Askvoll 0,8 mill. kr. Totalt er det løyvd 7,8 mill. kr i ordinære omstillingsmidlar i 2011. I tillegg fekk Stryn kommune eit tilskot på 1,2 mill. kr til eit toårig prosjekt.

I åra 2004 - 2011 har fylkeskommunen til saman bidrige med 58 mill. kr i ordinære omstillingsmidlar til 8 kommunar.

Erfaringane med omstillingsarbeidet er at dei aktuelle kommunane får styrka næringsutviklingsevne og eit meir robust og variert næringsliv.

## INU-FSF

Kommunane Førde, Sogndal og Flora har høgare arbeidsgjevaravgift enn andre kommunar i fylket og får kompensert dette gjennom statsbudsjettet. Desse midlane vert forvalta av stiftinga INU-FSF som tildelte 36,4 mill. kr til regionale fellestiltak, og 2 mill. kr i bedriftsretta støtte i 2011. INU-midlane medverkar til utvikling av lokale og regionale næringsmiljø og innovasjonssystem. Målet er å stimulere til utvikling, nyskaping og auka kompetanse/næringsverksemd.

INU-FSF skil mellom bundne og ubunde midlar i perioden. Bundne midlar er midlar som er sett av til konkrete satsingar. Ubundne midlar er søknadsbaserte midlar som i 2011 vart innretta mot initiativ innan:


- Inkubatorsatsing
- Regionalt næringsutviklingsarbeid i Førde-regionen (inkl. aksesarbeid)

Dei største løyvingane av bundne midlar er:

Satsing	Tilskot (kr)
Tettstadutvikling	7 500 000
Reiseliv	5 000 000
Regionhamn Sunnfjord	10 000 000
Fornybar energi	2 500 000

## NÆRINGSBAROMETRET

Fylkeskommunen har saman med partnarane NHO, Innovasjon Norge og Hordaland fylkeskommune gjeve ut to årlege næringsbarometer for Hordaland og Sogn og Fjordane. Målet med Næringsbarometeret er å gje status og framtidsutsikter for næringslivet og offentleg sektor for dei to vestlandsfylka. Næringsbarometeret frå januar 2011 viste eit positivt syn på



Deltakarane på tiltaksforum var på omvisning hjå STX i Florø, november 2011. Foto: Daniel Gåsemyr Fluge/ Sogn og Fjordane fylkeskommune



Fylkeskommunen deltok på fleire rekrutteringsmesser i 2011. På biletet deltek Daniel Gåsemyr Fluge og Lisbeth Bringebøen på Karrieredagen i Bergen. Foto: Jan Erik Weinbach/ Sogn og Fjordane fylkeskommune.

framtida for dei fleste sektorane i næringslivet. Resultata frå næringslivet peika i retning av sterkare vekst i 2011 enn dei føregåande åra. I utgåva frå mai 2011 vart det framleis venta vekst, og signal om mange nye arbeidsplassar i løpet av året. Sogn og fjordane hadde den lågaste arbeidsløysa i landet i første tertial 2011, og eit aukande rekrutteringsbehov etter relevant arbeidskraft.

## REKRUTTERING OG BUSETTING

Fylkeskommunen har støtta rekrutteringsarbeid gjennom Framtidsfylket AS, både gjennom bidrag til messer, traineeopptak og som aksjonær i Framtidsfylket AS.

## BEDRIFTSRETTA STØTTE GJENNOM INNOVASJON NORGE

Det er viktig å sikre ei god samhandling mellom den tilretteleggande og den bedriftsretta satsinga. Bedriftsretta støtte på 41,7 mill. kr. gjennom Innovasjon Norge (IN) var den klart største enkelposten på plan og næring sitt budsjett i 2011. Prioriterte satsingar på plan og næring sitt budsjett gjeld også for midlane som vert forvalta av IN. Elles var det i bestillingsbrevet særleg fokus på å legge til rette for at fylket skal vere ein attraktiv stad å arbeide og ein attraktiv stad å bu. Som eit ledd i dette bad hovudutvalet IN om å prioritere innsats mot levedyktige næringsklynger og større bu- og arbeidsmarknadsområde.

Innovasjon Norge melder om lågare etterspurnad på sine verkemiddel frå personar og bedrifter i Sogn og Fjordane i 2011. Etterspurnaden tok seg opp mot slutten av året, men det totale forbruket var likevel 28 % lågare enn i 2010. Det er eit historisk lågt forbruk. Det har vore ein prosentvis auke i løyingar til dei prioriterte målgruppene, kvinner og ungdom i 2011.

Sjå elles rapport frå IN i vedlegg.

## INNOVASJON, FORSKING OG UTVIKLING

Regionalt forskingsfond Vestlandet hadde to utlysingar i 2011. Søknadsfristen for forprosjekt var 13. april og for hovudprosjekt 12. oktober. Ramma var på inntil 6 mill. kr til forprosjekt og 21,6 mill. kr til hovudprosjekt. Søknader til hovudprosjekt skulle vera innan tre tema: a) berekraftig matproduksjon b) energi og maritim sektor og c) offentlege utviklingsoppgåver. Søknader til forprosjekt kunne i tillegg vera med reiseliv som tema. Det var nytt i 2011.

### Forprosjekt

Det kom inn til saman 75 søknader om midlar til forprosjekt. Av desse var 11 frå Sogn og Fjordane. Det var søknader innan alle tema. Det var 5 søknader frå fylket som fekk støtte, med kr 200 000 kvar. Sogn og Fjordane var i tillegg sterkt involvert i eit prosjekt frå Møreforskning:

1. Beinhelse hos torsk, -er mangel av vitamin D og K årsaken til deformitetar? Havlandet Marin Yngel as
2. Nettintegrasjon av offshore vindkraft utanfor Sogn og Fjordane. Windkraftforum Sogn og Fjordane.
3. Travelistics - kartlegge, pilot-teste og planlegge eit heilheitleg system for styringsinformasjon for reiselivet. Vestlandsforskning
4. Ekstremsport som grunnlag for reiselivsutvikling og busetnad. Møreforskning Volda
5. Berekraftige naturopplevingar i verdsklasse. Korleis kombinere måla om berekraftig reiseliv og auka verdiskaping i Sogn og Fjordane? Vestlandsforskning
6. Lokal og regional sårbarhet for klimapolitikk. Vestlandsforskning

### Hovudprosjekt

Det kom inn 28 godkjende søknader om midlar til hovudprosjekt. Av desse var berre 2 frå Sogn og Fjordane. Den eine var innan offentlege utviklingsoppgåver, og den andre innan berekraftig mat, om eit nytt fiskeprodukt.

Vestlandsforskning fekk midlar til prosjektet «Arealplanlegging og beredskap for fremtidens klima», med inntil kr 1,9 mill. Prosjektet skal sjå på bruk av arealplanlegging til å førebygge naturskade som følgje av ekstremvær og klimaendringar. Dette prosjektet vart i media omtalt som svært aktuelt etter uveret «Dagmar» sine herjingar.

Sjølv om det var berre to hovudprosjekt-søknader frå Sogn og Fjordane, var partnarar frå Sogn og Fjordane med i fleire andre prosjektsøknader. Styret i det regionale forskingsfondet er opptekne av at prosjekta skal dekke fleire fylke, og vera til nytte for heile Vestlandet.

I arbeidet med VRI - verkemidlar for regional forsking, utvikling og innovasjon, vart i 2011 dei to VRI-prosjekta reorganisert og nye prosjektplanar godkjende. Dei to prosjekta er:

- Samhandlingsprosjektet leia av fylkeskommunen.
- Eit innovasjonsforskningsprosjekt leia av Vestlandsforskning.

Arbeidet kom i gang 1. november 2011. Arbeidet i samhandlingsprosjektet skal vere tydeleg operativt innretta og sambandet til det teknologiske forskingsmiljøet i Trondheim og det marine forskingsmiljøet i Bergen er styrka ved at dei er representerte i det nye VRI styret. Innsatsen er spissa inn mot tema fornybar energi, marin næringsutvikling i tillegg til breiddesatsinga «kompetansemekling». Målet med kompetansemeklingsaktiviteten er å få bedrifter til sjølve å definere trong for FoU.

Ein ny utviklingsavtale gjeldande frå 2011 mellom Vestlandsforskning, Høgskulen i Sogn og Fjordane og

fylkeskommunen tek sikte på å utvikle institusjonane og samarbeidet mellom dei innan tema som er viktig for utviklinga i Sogn og Fjordane.

## NÆRINGSHAGANE

Kommunal- og regionaldepartementet starta i 2011 eit nytt næringshageprogram. Tre miljø frå fylket sökte om opptak i programmet. Eit initiativ i Indre Sogn var utvikla med eit samarbeid mellom Sogn næring AS og Aurland næringshage AS. Dei tre næringshagane i Stryn, Eid og Sandane gjekk saman om eit initiativ med kontaktansvar lagt til Sandane. Sløvåg og Matre samarbeida om eit initiativ og Fjaler næringsutvikling fremja ein søknad om forprosjektmidlar. HPN konkluderte i møte 1.februar 2012 med å støtte initiativa frå Indre Sogn og samarbeidet mellom dei tre næringshagane Sandane, Stryn og Eid.

## REISELIV

Fylkestinget vedtok Reiselivsplan for Sogn og Fjordane 2010 - 2025 den 8. juni 2010. Visjonen til Sogn og Fjordane for utviklinga av reiselivet fram mot 2025 er at fylket skal tilby berekraftige naturopplevelingar i verdsklasse. Sogn og Fjordane skal bli ein av dei fremste regionane i verda for berekraftige, naturbaserte opplevelingar med høg kvalitet i møte med engasjerte menneske og unik fjordnatur - fjord, bre, fjell, fossar, kyst og hav - som skal styrke grunnlaget for lønsam, heilårleg næringsverksemd, og trivsel og busetnad i heile fylket.

Reiselivsplanen har tre hovudmål:

- Auka verdiskaping (Delprogramansvarleg: Innovasjon Norge)
- Auke i tal gjestedøgn (Delprogramansvarleg: fylkeskommunen)
- Eit meir berekraftig reiseliv (Delprogramansvarleg: Fylkesmannen)

I 2011 vart det arbeidd med etablering av styringsstruktur som rolledeeling for oppdragsgjevar, styringsgruppe og dei ulike delprogramma for å skissere gode arbeidsmåtar. Dette vart konkretisert i handlingsplanen for 2012 som gjev grunnlag for eit operativt styre, og retning for arbeidet framover.

## Midlar

I budsjettet for 2011 vart det løyvd 10,9 mill. kr til reiseliv fordelt slik:

- Fjord Norge 4 mill. kr
- Reiselivstilbod på Sognefjorden 1,4 mill. kr
- Anna oppfølging av reiselivsplanen 5,5 mill. kr. Denne posten inkluderer løyving til destinasjonsselskapet på 4 mill. kr.

## Resultat

Grunnlaget for god oppfølging av reiselivsplanen er lagt i 2011. Reiselivsarbeidet i fylket er no kome i gong med eit koordinert, måretta og utviklingsorientert arbeid. Styringsgruppa og programgruppene har starta å identifisere manglande kunnskap for å ta gode slutningar for kvar det skal leggast inn ein ekstra reiselivsinnslag. Arbeidet i 2011 la også vekt på å identifisere korleis reiselivsinnslagen kan koordinerast med andre infrastrukturtiltak, som samferdsletilbod, reiselivssatsinga frå INU-FSF og innsats gjennom andre sektorar som kulturlandskap og vertskapsrolla, samt god koordinering med den bedriftsretta satsinga.

## LANDBRUK

Fylkeskommunane fekk eit auka ansvar for landbruk med forvaltningsreforma frå 2010. Dette innebar eit auka politisk ansvar for å vere ein aktør inn mot nasjonale styresmakter i landbrukspolitiske prosessar. Sogn og Fjordane fylkeskommune leverte høyningsfråsregn inn mot jordbruksoppgjeret 2011.

Det er viktig å styrke dei store produksjonane i fylket vårt som mjølk og kjøtt mellom anna for å sikre matproduksjon, framtidig rekruttering og kulturlandskap.

Fylkeskommunen har oppgåver knytt til rekruttering, kompetanseheving og likestilling innan landbruket. Hovudutvalet for plan og næring vedtok plan for dette arbeidet med prioritering av midlar. Midlane vart fordelt på tre hovudområde; korte kurs, nettbasert agronomutdanning og andre rekrutterings- og likestillingstiltak.

I arbeidet med dei nye oppgåvene knytt til landbruk har ein hatt tett samarbeid med næringa gjennom deira organisasjoner. Fylkeskommunen har spesielt lagt vinn på å integrere landbruket si satsing på bygdenærings til kommunane sine tradisjonelle næringstiltak.

## HAVBRUK OG FISKERI


I 2011 var startåret for tre større program innan marin næringsutvikling:

1. Arbeidsprogram-rekruttering marin sektor.
2. AHA! (Arbeidsprogram for heilskapleg akvakulturforvaltning.)
3. Vestlandsamarbeidet - marin sektor (VestMarin).

Programmet for rekruttering i marin sektor skal i utgangspunktet gå over åtte år, og omfattar i hovudsak finansiering og organisering av årlege marine rekrutteringsleirar og marine næringsleirar for rådgjevarar i grunnskule og på vidaregåande nivå. Dette blir gjort i samarbeid med Opplæringskontoret for Fiskeri og Havbruksfag (OFKH). Målet på lang sikt er å vere med å bidra



Fylkesdirektør for næring Jan Heggheim held innlegg på Reiselivskonferansen 2011 i Florø. Foto: Birthe Johanne Finstad/Sogn og Fjordane fylkeskommune



Marø Havbruk på Svanøy i Flora kommune. Foto: Odd Johannessen, Havdyrkerne

til utdanningsvegar som er etterspurde av marine bedrifter. Det er eit mål for programmet å synleggjere mangfaldet av utdanningsløp og kompetanse marine bedrifter har bruk for i framtida. Gjennom dette programmet vil ein engasjere seg i den nasjonale satsinga på marin rekruttering: «Sett sjøbeim»

Program for heilskapleg akvakulturforvaltning (AHA!) er fireårig og har som føremål å bidra til meir kunnskapsbasert akvakulturforvaltning, både på tvers av kommunegrenser og på tvers av forvaltningsnivå og - organ. Ei viktig målsetning for programmet er å bidra til å vidareutvikle oppdrettsnæringa samstundes med å auke potensialet for verdiskaping basert på fritidsfiske av villaks. Det er sett ned ei partnarskapsgruppe med deltagarar frå Fylkesmannen si miljøvernnavdeling, Mattilsynet, Fiskeridirektoratet, villaksinteressene, havbruksnæringa, kommunane og fylkeskommunen. Gruppa har ansvar for å sette i gong tiltak og koordinere aktiviteten i programmet. Gruppa har m.a. stått som bestillar av rapporten «Innsamling og samanstilling av relevant kunnskap om Sognefjorden» (SINTEF Fiskeri og havbruk AS, 2011).

Vestlandssamarbeidet - marin sektor er ei felles Vestlandssatsing mellom fylkeskommunane i Rogaland, Hordaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Dette er ei vidareføring av det tidlegare samarbeidet «Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar» (2007-2011). Det nye samarbeidet er utvida til å famne om næringsutvikling innan følgjande tema: havbruk, fiskeri, sjømat og bioteknologi. Det er ei målsetning å bruke Vestlandsrådet som arena for politiske prosesser.

### Oljeverksemد

Fylkeskommunen har dei siste åra arbeidd for å auke ringverknadane av petroleumsaktiviteten utanfor fylket. Det har vore høg aktivitet ved Fjord Base i Florø. Utviklinga av arealmassen held fram, og det er reist nye bygg for å auke subseaverksemda ved basen. Statoil er største kunden på basen og GdF Suez er det andre selskapet som er representert. I 2011 blei planane for utbygging og drift av Knarr-feltet godkjend i Stortinget. BG Norge er operatør for feltet, og vil opprette ei base- og driftsavdeling i Florø.

Framover er det venta stor aktivitet på sokkelen utanfor Sogn og Fjordane. Dette gjeld både utbyggingar og modifikasjoner i regi av selskapa som er etablerte i regionen. I tillegg har nye (i vår region) selskap gjort interessante funn som kan resultere i nye utbyggingar i området.

På Lutelandet er det opparbeidd infrastruktur som ligg klar for ny aktivitet. Riving av utrangerte offshoreinstallasjonar og testing og samanstilling av utsyster til offshore vind er viktige satsingsområde.

### Fornybar Energi

Vindkraftforum vart oppretta i 2009, og er ei satsing på framtidig vindkraftproduksjon og vindkraftindustri i Sogn og Fjordane. Vinteren 2011 blei Windkraftforum omdanna til ein medlemsbasert foreining med over 60 medlemmar. Forumet har mellom anna engasjert seg i politiske prosesser og i leverandørutvikling.

Sogn og Fjordane Skogeigarlag og Sogn og Fjordane Bondelag står bak bioenergisprosjektet i Sogn og Fjordane. Målsettinga er å legge til rette for auka uttak og leveranse av skogsvirke. Prosjektet er førebels støtta av hovudutvalet for plan og næring for ytterlegare eit år.

Bedriftsnettverket i Sogn og Fjordane har lansert eit satsing, Energiregion Sogn og Fjordane. Hovudutvalet har førebels støtta arbeidet med forstudie for å undersøke grunnlaget for å utarbeide ein Arena-søknad innan fornybar energi-området.

### Fylkestinget handsama i 2011

- 33/11 Regional plan for vindkraft
- 44/11 Forvalningsrevisjon 2011 - Næringsretta tiltak - handsaming av rapport
- 55/11 Regional planstrategi - høyring, analyse- og utfordringsdokument
- 60/11 Avtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Ungt Entreprenørskap i Sogn og Fjordane 2012 - 2014



Stadt vindmøller. Foto: Kirsti Horne/Sogn og Fjordane fylkeskommune



Gründerprisen for ungdom 2011 gikk til Jørn Mikalsen og Heidi Kopperud for deira innsats som gründerar i Videonor AS og Seevia AS. Foto: Henning Rivedal/Sogn og Fjordane fylkeskommune.

# Vedlegg

Vedlegg 1: Årsrapport verkemiddelbruk Innovasjon Norge Sogn og Fjordane

Vedlegg 2: Rapportering på målekart plan og næring

Vedlegg 3: Konsesjonssøknader

Vedlegg 4: Saksoversyn Hovudutvalet for plan og næring

**Vedlegg 1:**  
**Årsrapport verkemiddelbruk.**  
**Innovasjon Norge Sogn og Fjordane.**

# RAPPORT

Til: Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
Frå: Rune Fromreide, IN Sogn og Fjordane  
Dato: 15.02.2012  
Vedk.: **ÅRSRAPPORTERING PÅ VERKEMIDDELBRUK - 2011**

## 0 GENERELT

Denne rapporten inneholder alle verkemiddel som er løyvd av Innovasjon Norge til personar/bedrifter i Sogn og Fjordane i 2011. Statistikken er inndelt som følgjer:

- Løyving etter verkemiddel
- Løyving etter bransje
- Løyving etter verkemiddelvariant
- Løyving etter målgruppe
- Løyving etter geografi

I 2011 er det løyvd totalt 255,4 mill kr til bedrifter/personar i Sogn og Fjordane fordelt på 96,3 mill. kr i tilskot, 103,6 mill. kr i lån, 2,1 mill kr i garantiar og rentestøtte for lån på 53,4 mill. kr.

Det var låg etterspurnad etter IN sine verkemiddel i første halvår, men den tok seg opp mot slutten av året. Det totale forbruket var likevel 28 % lågare enn i 2010, og dette er historisk lågt.

## 1. LØYVINGAR ETTER VERKEMIDDEL

Denne statistikken er inndelt som følgjer:

- Regional utvikling kap. 551.60 og 61
- Bygdeutviklingsmidlar
- Andre verkemiddel

### Regional utvikling

Sum løyvingane av dei regionale utviklingsmidlane (kap 551.60):

Verkemiddel	Sum (i 1000 kr)
Risikolån*	23 300
Distriktsutviklingstilskot	39 078
Etablerarstipend	3 773
<b>SUM</b>	<b>66 151</b>

\* Risikolån utgjer 8,5 mill. kr i tapsfond som medfører at det totale tilskotsforbruket av desse verkemidla er 51,4 mill. kr

### Kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift kap. 551.61

Det er løyvd **kr 3.465.000** i tilskot av dette verkemiddelet.

## Bygdeutviklingsmidlar

Sum løyvingane av bygdeutviklingsmidlane:

Verkemiddel	Sum (i 1000 kr)
Tilskot	25 321
Rentestøtte	53 431
<b>Sum</b>	<b>78 752</b>

### Andre verkemiddel:

Sum løyvingane av andre verkemiddel:

Verkemiddel	Sum (i 1000 kr)
Marknadslån	80 298
Garanti	2 125
Inn på tunet (tilskot)	200
Matprogrammet (tilskot)	85
Industriell forsknings- og utviklingskontraktar (tilskot)	5 573
Bioenergi-midlar (tilskot)	1 815
Trebasert innovasjonsprogram	116
Miljøprogrammet (tilskot)	4 000
Regional omstilling (tilskot)	965
Landsdekkande program (tilskot)	933
Administrasjonstilskot	950
Sentrale BU-midlar (tilskot)	170
Tilskot til marine næringar	5 220
Nasjonale tiltak, regional utvikling (tilskot)	4 481
<b>Sum</b>	<b>106 931</b>

## 2. LØYVINGAR INNDELT ETTER BRANSJE

Løyvingar etter bransje (i 1000 kr)

Bransje	Tilskot	Lån og garanti	Rente-støtte lån	Sum
Landbruk og skogbruk	23 727	4 578	48 911	77 216
Fiskeflåte	750	22 220		22 970
Havbruk	3 872	2 000		5 872
Industri og bergverk	35 498	69 725	1 000	106 223
Bygg og anlegg				0
Reiseliv	8 308	5 000	2 290	15 598
Andre tenesteytande næringar	14 977	2 200	1 230	18 407
Andre bransjar, uspesifisert	759			759
På tvers av bransje	8 399			8 399
	<b>96 290</b>	<b>105 723</b>	<b>53 431</b>	<b>255 444</b>

Også i 2011 er mesteparten av BU-midlane til tradisjonelt landbruk løyvde som investeringsstøtte til driftsbygningars for husdyr. 44 bygningars har i 2011 fått støtte til å gjennomføre investeringar for til saman 92 mill. kr. Dette er mindre enn rekordåret 2010, men om lag som gjennomsnittet for dei føregåande åra.

Det er ein kraftig nedgang i lån til fiskeflåten. Reduksjonen er på heile 77 %. Låna har gått til flåtegruppene kystnot/linefiske til kjøp av kvote og båt. Støtta til havbruksnæringa har i hovudsak gått til nye artar og tenester knytt til næringa. Støttenivået er som i 2010.

Støtta til reiseliv og for dei andre tenesteytande næringane er omtrent som i 2010. I reiselivet har det vore ei satsing på bedriftsnettverk for utvikling av tematiserte

opplevelingskonsept som skal styrke bedriftene sin lønnsemd gjennom samarbeid om å tilby pakkar av opplevelingar.

Det er industri og bergverk som har fått mest støtte i 2011, og det er ein auke i forhold til 2010. I denne bransjen er det løyvd midlar til ei rekke mindre/innovative tiltak innan forskjellige næringer.

Posten "andre bransjar" er dominert av energi- og miljøprosjekt.

### **3. LØYVINGAR INNDELT ETTER VERKEMIDDELARIANT**

Sum løyvingar inndelt etter verkemiddelvariant (i 1000 kr):

Målgruppe	Verkemiddel	Harde investeringar	Mjuke investeringar	Sum
Enkeltpersonar/bedrifter	Tilskot	27 656	51 387	79 043
	Rentestøtte for lån	53 431		53 431
	Lån/garanti	97 848	7 875	105 732
Produksjonssystem, næringsmiljø	Tilskot		17 247	17 247
<b>Sum</b>		<b>178 935</b>	<b>76 509</b>	<b>255 444</b>

*Harde investeringar:* Investeringar i industribygge, fiskebåtar, driftsbygningar, samdrifter og produksjonsutstyr

*Mjuke investeringar:* FoU, kompetanseutvikling og nettverksutvikling

Posten produksjonssystem/nærings-miljø inneholdt prosjekt som går på reiseliv, entreprenørskap, kommuneprosjektet, FRAM, kompetanse, regional omstilling og nettverkssamarbeid.

### **4. LØYVINGAR FORDELT ETTER MÅLGRUPPE (i 1000 kr)**

Målgruppe	Tilskot	Lån og garanti	Rente-støtte lån	Sum
Kvinner	34 113	34 280	13 869	82 262
Ungdom	16 218	2 900	9 151	28 269

Det har vore ein nedgang i dei nominelle løyvingane til kvinner, men auke til ungdom. 35 % av tilskota gjekk til kvinne- og 17 % til ungdomsprosjekt. Det er ein prosentvis auke i begge dei prioriterte målgruppene.

## 5. LØYVINGAR FORDELT ETTER GEOGRAFI (i kr)

Kommune	Tilskot	Lån/garanti	Rentestøtte	Sum
1400 Fylket	11 133 007			11 133 007
1401 Flora	6 345 000	10 000 000		16 345 000
1411 Gulen	1 123 000	30 700 000	790 000	32 613 000
1412 Solund	993 000	3 220 000		4 213 000
1413 Hyllestad	1 130 000		1 150 000	2 280 000
1416 Høyanger	2 617 000	2 830 000	1 830 000	7 277 000
1417 Vik	3 823 000		5 798 000	9 621 000
1418 Balestrand	2 243 000			2 243 000
1419 Leikanger	2 150 000			2 150 000
1420 Sogndal	3 490 000		1 500 000	4 990 000
1421 Aurland	200 000			200 000
1422 Lærdal	1 226 000			1 226 000
1424 Årdal	4 700 000			4 700 000
1426 Luster	4 273 000	5 000 000	870 000	10 143 000
1428 Askvoll	5 285 400	8 525 000		13 810 400
1429 Fjaler	2 457 000	3 038 000	2 348 000	7 843 000
1438 Bremanger	1 127 000		1 555 000	2 682 000
1430 Gaular	1 874 000		1 890 000	3 764 000
1431 Jølster	3 358 000		2 742 000	6 100 000
1432 Førde	1 050 000		4 060 000	5 110 000
1433 Naustdal	2 820 000	710 000	710 000	4 240 000
1439 Vågsøy	7 931 000	23 250 000		31 181 000
1441 Selje	840 000	11 900 000		12 740 000
1443 Eid	1 991 000		4 450 000	6 441 000
1444 Hornindal	422 000		845 000	1 267 000
1445 Floppen	10 346 000	3 700 000	11 634 000	25 680 000
1449 Stryn	11 343 000	2 850 000	11 259 000	25 452 000
<b>Sum</b>	<b>96 290 407</b>	<b>105 723 000</b>	<b>53 431 000</b>	<b>255 444 407</b>

Bedrifter i alle kommunar har fått støtte. Vågsøy, Floppen og Stryn fekk mest tilskot i 2011 som i 2010. Dei største låneløyvingane finn ein i Solund og Vågsøy og desse har gått til finansiering av fiskebåtar. Næringslivet på kysten har fått desidert mest lån mens indre delar av fylket har fått mest tilskot

# **Vedlegg 2:**

## **Rapportering på målekart plan og næring.**

## Målekart plan og næring

### MÅLOPPNÅING/ RESULTATVURDERING I 2011 SETT I HØVE MÅLEKARTET FOR SEKTOREN PLAN OG NÄRING

STRATEGISK FOKUSOMRÅDE: TENESTEPRODUKSJON/ BRUKARPERSPEKTIVET	
<b>T1</b>	<b>Kritisk suksessfaktor: Relevant rettleiing og samhandling med kommunar i plan og næringssaker</b>
T1-1	<b>Måleindikator:</b> Kor nøgde kommunane er med fylkeskommunen si rettleiing og samhandling Fylkeskommunen har ikkje gjennomført brukarundersøking i 2011.
T1-2	<b>Måleindikator:</b> Planseminar og møter i planforum Det er gjennomført eit planseminar og 11 møter i Planforum.
<b>T2</b>	<b>Kritisk suksessfaktor: Relevant rettleiing og samhandling med kommunane i vassforvaltningsplan</b>
T2-1	<b>Måleindikator:</b> Følgje framdriftsplan i forskrift Framdriftsplanen har blitt følt opp etter vassforskriftene.
<b>T3</b>	<b>Kritisk suksessfaktor: Relevant rettleiing og samhandling med kommunane og frivillig sektor i friluftslivs-, vilt- og innlandsfiskesaker</b>
T3-1	<b>Måleindikator:</b> Deltaking i nettverk for natur og friluftsliv Fylkeskommunen deltok på fellessamlinga til FNF Sogn og Fjordane. Tok opp regional planstrategi som tema og fekk innspeil i høve dette arbeidet.
T3-2	<b>Måleindikator:</b> Legge til rete for møteplassar for vilt- og innlandsfiskeforvaltning Fylkeskommunen arrangerte i 2011 ei samling for kommunale viltforvaltar i samband med seminaret Hjort 2011.
<b>T4</b>	<b>Kritisk suksessfaktor: Relevant rettleiing og samhandling med kommunane og andre aktørar i oppfølging av fylkesdelplan for Klima og miljø</b>
T4-1	<b>Måleindikator:</b> Tal relevante saker/uttale der klima er inkludert i fråsegn/tilråding Klima og miljø er lagt inn som fast punkt i mal for saksbehandling.
T4-2	<b>Måleindikator:</b> Tal områder med målbar reduksjon av klimagassutslepp Gjennom 2011 vart det utarbeida indikatorar som skal gjera det mulig å måla reduksjon i utslepp. Sluttrapport for klimaindikatorprosjektet vert levert tidleg i 2012.
T4-3	<b>Måleindikator:</b> Tal tiltak med effekt på redusert klimasårbarheit Starta analysedugnad for klimatilpassing i samarbeid med 5 pilotkommunar. Desse kommunane starta arbeidet med sårbarheitsanalyse. Arrangerte seminar om utsleppsreduksjon og klimatilpassing for kommunane i fylket og dei andre fylkeskommunane i landet. Aktiv deltaking i ulike forskingsprosjekt knyt til klimatilpassing.
<b>T5</b>	<b>Administrere eit folkehelsenettverk og drive relevant rettleiing og samhandling med kommunane og andre aktørar i folkehelsearbeidet</b>

T5-1	<b>Måleindikator: Tal kommunar i folkehelsenetverket</b> Det er framleis 21 kommunar med i folkehelsenetverket, men 4 nye kommunar er i prosess. Ein av desse kjem med tidleg i 2012. 26 kommunar er eit langsigktig mål.
T5-2	<b>Måleindikator: Legge til rette for møteplassar for partnarskapskommunar og regionale samarbeidspartnarar</b> Det har vore 3 samlingar for folkehelsekoordinatorane, ei av dei saman med Møre og Romsdal fylkeskommune og kommunane dei har avtale med. Det har også vore 3 konferansar som koordinatorane har fått invitasjon til. Det har vore ei fylkessamling for kommunar som har Danseverkstader (14), og det er gjennomført ulike kurs i desse kommunane etter behov. Vidare vart det arrangert ei stor og ambulerande førestilling der nesten alle danseverkstadane deltok. Vidare har vi hatt 2 samlingar for kommunar (9) som har fått tilskot til etablering/vidareutvikling av frisklivssentralar. Partnarskapskommunane har fått invitasjon til å delta i ei fylkessatsing på Trygge lokalsamfunn. Åtte takka ja til dette i 2011. Hausten 2011 vart tre ressursgrupper etablert. Ressursgruppa for tobakk og ernæring har hatt fleire møter før årsslutt. I 2011 starta arbeidet med å etablere fylkesnettverk/ressursgruppe for universell utforming.
<b>T6</b>	<b>Fylkeskommunen si heimeside for næringsavdelinga og plan og samfunnsavdelinga med Fylkesatlas, Planett, Klimanettsida og Driftig.no vert oppdatert og nytta aktivt</b>
T6-1	<b>Måleindikator: Tal nyhende- og informasjonsartiklar som vert publisert</b> I 2011 har det blitt jobba vidare med å forbetre nettsida. Det har vore stort sett publisert ei førehandsak, og ei etterpåsak om kvart møte i hovudutvalet. Nyhende og viktig informasjon blir sendt ut som pressemelding. Det må jobbast meir aktivt med å oppdatere informasjon om fagområda.
T6-2	<b>Måleindikator: Plannett vert relansert</b> Plannett er oppdatert med møteinnkallingar og referat fra Planforummøta. Hovudrelansering er utsett i påvente av utskifting av eksisterande publiseringstøy for fylkeskommunale heimsider.
T6-3	<b>Måleindikator: Auka i tal treff på heimesidene (plan og næring)</b> Målingar viser at det har vore ein liten auke i talet på treff frå 2010 til 2011.
T6-4	<b>Måleindikator: Kor nøgde kommunane er med fylkeskommunen sine heimesider, Plannett, Fylkesatlas, Klimanettsida og Driftig.no</b> Fylkeskommunen har ikkje gjennomført brukarundersøking i 2011, men munnlege tilbakemeldingar viser til at brukarane er særleg fornøyd med Fylkesatlas. For driftig.no er det sett i gong eit arbeid for å forankre sida betre hjå partnarskapen og spisse sida betre mot målgruppene. Statistikk frå Fylkesatlas, syner at det har vore ei tre dobling av kartloysinga sidan 2009.
<b>T7</b>	<b>Kommunalt næringsutviklingsarbeid. Relevant rettleiing og samhandling med kommunane i næringssaker</b>
T7-1	<b>Kor nøgde kommunane er med fylkeskommunen si rettleiing og samhandling</b> Vi har ikkje gjort målingar av dette, men vi har i 2011 hatt ei tettare samhandling med kommunane mellom anna gjennom kurs og kompetansehevingstilbod i prosjekt kommunal næringsutvikling. Tilbakemeldingane på samlingar og munnleg har vore positive og det er kome ynskje om vidare satsing innan dette området.
T7-2	<b>Tiltaksforum</b> Det er gjennomført tiltaksforum i Florø med god oppslutnad frå kommunane.

T8	<b>Kritisk suksessfaktor:</b> Oversikt over helsesituasjonen i fylket og dei faktorar som påverkar denne og som skaper eller opprettheld sosiale helsekilmader
T8-1	<p><b>Måleindikator:</b> Eit oppdatert og systematisert statistikkgrunnlag for helsesituasjonen på fylkes- og kommune nivå basert på eksisterande og nye data</p> <p>Folkehelseinstituttet har publisert folkehelseprofilar for alle kommunane i Noreg. Desse dataområda er vesentleg utvida i høve til dei tidlegare «kommunehelseprofiler». Dei aktuelle folkehelseprofilane for kommunane i Sogn og Fjordane er også lagt i Fylkesspegen. I løpet av mars månad i år vil Folkehelseinstituttet publisere folkehelseprofilar for kvar fylkeskommune i landet. Desse skal vere eit bidrag til fylket sitt arbeid med å skaffe seg oversikt over helsetilstanden i fylket og oppgåva med å understøtte folkehelsearbeidet i kommunane.</p>
STRATEGISK FOKUSOMRÅDE: REGIONAL UTVIKLINGSAKTØR	
R1	<b>Kritisk suksessfaktor:</b> Kjenner utfordringane, naturressursane og potensiale for verdiskaping i fylket
R1-1	<p><b>Måleindikator:</b> Utarbeide årlege næringsbarometer</p> <p>Næringsbarometer for Hordaland og Sogn og Fjordane blei utarbeida i to utgåver i 2011, i januar og mai</p>
R1-2	<p><b>Utarbeide eit nytt fylkesdekkande overvakingsprogram</b></p> <p>Det vore gjort eit arbeid med å utvikle samfunnsspegen. Fylkeskommunen har og delteke i arbeidet med å utarbeide rapporten «Eit kunnskapsbasert Sogn og Fjordane».</p>
R2	<b>Kritisk suksessfaktor:</b> Utvikle politikk for ulike samfunns- og næringsområde basert på kjende utforringar og potensiale
R2-1	<p><b>Måleindikator:</b> Rullere fylkesplanen gjennom årlege handlingsprogram</p> <p>Rulling er integrert i arbeidet med budsjett og økonomiplan – og gjennom programstyring med utarbeiding av programplanar</p>
R2-2	<p><b>Måleindikator:</b> Regional planstrategi</p> <p>Arbeidet med regional planstrategi vart starta på slutten av året i 2011, og vil bli lagt fram og vedteke i oktober 2012</p>
R2-3	<p><b>Analyse av samanheng melom tilskotsløyving og overordna planar</b></p> <p>Det er ikkje gjort noko analyse av dette. Vi meiner elles at samanhengen mellom tilskot og overordna planer er god. Budsjett dokument og vedtekne strategiar og planar vert brukt ved vurdering av søknader. Det er utarbeida skriftlege rutinar, som blant anna inneheld ei sjekkliste for sakshandsaming. I sjekklista er det eit eige punkt om prosjektet si relevans i høve overordna planar</p>
R3	<b>Kritisk suksessfaktor:</b> Ta rolla som regional utviklingsaktør gjennom samspel, nettverk og utvikling av partnarskap

R3-1	<p><b>Måleindikator:</b> Tiltak som er vedtekne gjennom fylkesplanen, og som næringsavdelinga og plan og samfunnsavdelinga har ansvar for, vert gjennomførde. Inngå partnarskap med alle viktige aktørar (på fylkesnivå) innanfor plan- og folkehelsearbeid (inkl. friluftsliv) og vilt- og innlandsfiskeforvaltning) I rulleringa av fylkesplanen gjennom budsjettarbeidet vert dei høgast prioritere områda følgt opp. Andre område kan ha blitt fasa ut gjennom fylkesplanperioden.</p> <p>Avtaler er ikkje på plass for friluftsliv, vilt- og innlandsfiskeforvalting.</p>
R3-2	<p><b>Måleindikator:</b> Etablere indikatorar for måling av resultat i handlingsplan og program. Skrive uttaler når (FK er høyringsinstans) til viktige saker som vedkjem ressursutnytting, folkehelse, fiskeri og havbruk m.m</p> <p>Det er etablert ein god struktur på høyring av folkehelseomsyn i delplanar for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse i samarbeid med kulturavdelinga. Det vert også gitt høyring til kommuneplanar, spesielt samfunnsdelen. Det er utarbeidd sjekkliste for «helse i plan» og elles gjort kjent nasjonale retningsliner for dette. Det vert skrive uttalar på dei mest sentrale sakene.</p>
R3-3	<p><b>Måleindikator:</b> Oppfølging av reiselivsplanen</p> <p>Det er lagt eit grunnlag for god oppfølging av reiselivsplanen. Det har vore lagt vekt på identifisere korleis reiselivsinnssatsen kan koordinerast med andre infrastrukturtiltak. Det er etablert grupper for oppfølging av dei ulike satsingsområda i planen og arbeida med handlingsplan for arbeidet frå 2012.</p>

#### STRATEGISK FOKUSOMRÅDE: RAMMEVILKÅR/ ØKONOMI

Ø1	<b>Kritisk suksessfaktor: Samsvar mellom mål og rammer</b>
Ø1-1	<p><b>Måleindikator:</b> Oppfatta samsvar mellom mål, økonomiske rammer og personalressursar</p> <p>Ja, stort sett – men på nokre område er ambisjonane i måla noko høge i høve til dei rammene som er til disposisjon. Ikkje minst med tanke på personalressursane er ambisjonane høgre enn den faktiske bemanninga.</p>
Ø2	<b>Kritisk suksessfaktor: God økonomistyring</b>
Ø2-1	<p><b>Måleindikator:</b> Avvik mellom budsjett, tertialrapport og årsrekneskap</p> <p>Nei, ikkje avvik i høve budsjett.</p>

# **Vedlegg 3:**

## **Konsesjonssøknader**

## Vedtakssaker - minikraftverk

Olje- og energidepartementet (OED) har fra 01.01.2010 overført vassdragsmyndet etter §8 i vassressurs-lova til å gje konsesjon for kraftutbyggingar under 1 MW frå NVE til fylkeskommunen. Førebuande sakshandsaming skal gjennomførast i NVE sin regi. Myndet omfattar ikkje utbyggingssaker i verna vassdrag. I 2010 fekk fylkeskommunen ikkje oversendt saker av denne typen. I 2011 fekk fylkeskommunen oversendt ei sak: Yndestad kraftverk.

Fylkeskommunen gjorde utbyggingsvedtak i denne saka i des. 2011.

Prosjekt	Kommune	Årsproduksjon i GWh	Planlagt invest. i mill. kroner
Yndestad kraftverk	Gaular	1,2	4,2

## Uttale til konsesjonssøknader

Fylkeskommunen blir beden om å komme med uttale til vasskraftsaker der det er søkt om konsesjon (småkraftverk frå 1 MW og oppover og større kraftverk).

Fylkeskommunen uttalte seg som høyningsinstans til 16 konsesjonssøknader om vasskraftutbygging. Samla årsproduksjon for desse prosjekta er på 666 GWh. Dette kraftvolumet tilsvarer den årlege, gjennomsnittlege elektrisitetsbruken til ca. 33 000 hushald. Planlagt investering til desse prosjekta vil komme opp i om lag 3 milliardar kroner. Gitt at den samla kraftproduksjonen frå prosjekta som har vore til konsesjonshandsaming i 2011, vart lagt ut for sal i kraftmarknaden i heile året 2015, ville førstehandsverdien av krafta svare til 226 millionar kroner (føresetnad: kraftkvantum 666 GWh, marknadspolis 34 øre/kWh).

Fylkeskommunen uttalte seg som høyningsinstans til 16 konsesjonssøknader

Prosjekt	Kommune	Årsproduksjon i GWh	Planlagt invest. i mill. kroner
Nyasetdalen kraftverk	Vik	6,7	18,2
Øyane kraftverk	Luster	89	425
Illvatn pumpekraftverk	Luster	113	570
Mork kraftverk, planendring (tidl. sak i 2009)	Lærdal	87,7	250
Tre småkraftverk i Skorvenvassdraget	Askvoll	26	90
Stødna kraftverk	Lærdal	16,5	60,1
Nivla kraftverk	Lærdal	13,8	44,2
Fire kraftverk i Sørgulen	Bremanger	32	77,2
Vigdøla kraftverk	Luster	48	130
Overføring av Vestsideelvane og heving av Tunsbergdalsdammen	Luster	135	460
Breim kraftverk	Gloppen	98	336
Sum		666	3 126

## Vurdering av konsesjonsplikt

I tråd med forvaltningsreforma frå 1.1.2010 vert fylkeskommunen beden om å uttale seg i spørsmål om konsesjonsplikt for mini- og mikrokraftverk (installasjon opp til 1 MW). Sakene vert handterte administrativt. NVE tek avgjerd om konsesjonsplikt eller ikkje.

Fylkeskommunen uttalte seg i seks saker om konsesjonsplikt

Prosjekt	Kommune	Årsproduksjon i GWh	Planlagt invest.. i mill. kroner
Dalane kraftverk, rehabilitering	Stryn	9,3	18,2
Skora kraftverk i Angedalen, brev sendt 18.05.11	Førde	1,6	
Trolltrappene kraftverk	Høyanger	4,8	
Værholm kraftverk	Høyanger	2,6	
Viskedalselva	Førde	6,3	
Paulselva kraftverk	Jølster	4,0	9,2
Sum		28,6	

### Uttale til kraftlinjesaker

Fylkeskommunen blir beden om å komme med uttale til saker ang. kraftlinjer og transformatorar med spenningsnivå over 22 kV. I 2011 er desse sakene handsama:

- Ny 300 (420) kV linje Modalen- Mongstad der ytre delen går gjennom Gulen kommune.
- Tilleggssøknad og tilleggsutgreiing for ny 132 kV linje Sandane-Reed i Gloppen kommune. (adm. uttale)
- Tilleggsutgreiing og tilleggssøknad for ny 420 kV linje Ørskog - Sogndal.
- Ny 132 kV kraftlinje Ålfoten-Åskåra-Øksenelvane- Kroknakken og ny Øksenelvane transformatorstasjon.
- Ny 132 kV linje Borgund-Stuvane, ny /forsterka 66 kV linje Stuvane - Lærdal og ny 66 kV linje Lærdal – Mork kraftverk m.m.
- Utviding av Svelgen transformatorstasjon og melding for ny 132 kV ytre ring Nordfjord.

### Uttale til vindkraftsaker

Fylkeskommunen uttalte seg til fire meldingar om vindkraft

Sak	Tiltakshavar	Kommune	Ny effekt	Åsproduksjon
Kyrkjesteinen	Zephyr as	Flora	41 MW	107 GWh
Dalsbotnfjellet	Zephyr as	Gulen	150,00 MW	391 GWh
Sandøy	Statkraft agder energi vind da	Gulen	75,00 MW	220 GWh
Vågsvåg	Kvalheim kraft as	Vågsøy	24,00 MW	65 GWh

Norges vassdrags- og energirektorat (NVE) har 12 konsesjonssøknader frå Sogn og Fjordane som ikkje er ferdighandsama. Arbeidet med å førebu ei politisk sak om uttale til konsesjonssøknadane kom i gang hausten 2011. Prosjekta vil bli lagde fram for fylkesutvalet i 2012 i ei fellessak. Omsyn som vart trekte opp i Regional plan for vindkraft, dannar grunnlag for denne saka.

### Andre saker

Høyringsuttale til finansdepartementet om maksimums- og minimumsreglar for eigedomsskatten på kraftverk.

# **Vedlegg 4:**

## **Saksoversyn for hovudutvalet for plan og næring**

## Saksoversyn Hovudutval for plan og næring 2011

- 1/11 Organisering av programsatsing havbruk og fiskeri frå 2011  
2/11 Budsjett 2011 Plan og næring - fullmakter  
3/11 Høyring - Evalueringen av Innovasjon Norge (IN).  
4/11 Prosjekt Kommunal næringsutvikling - endeleg prosjektplan  
5/11 Løyving og føringar for 2011 - programstyret for entreprenørskap og nyskaping og Ungt Entreprenørskap  
6/11 Fråsegn til jordbruksoppgjerset 2011  
7/11 Omstillingssstatus og omstillingsløyving 2011  
8/11 Forskrift om tillatelse til akvakultur av andre artar enn laks, aure og regnbogeaure - utviding av virkeområde - vasslevande plantar  
9/11 Regionale utviklingsmidlar 2011 - fordeling I  
10/11 Tilsegnsbrev og føringar for verkemiddelbruk 2011 - Innovasjon Norge Sogn og Fjordane  
11/11 Framlegg til nye retningsliner for fjellregionsamarbeidet  
12/11 Skriv og meldingar  
13/11 Kommunale næringsfond - tildeling 2011  
14/11 Innovasjon Noreg Fylkeskommunal eigarpolitikk  
15/11 Søknad om delfinansiering av Aqua-Nor 2011.  
16/11 Regionale utviklingsmidlar 2011 - Fordeling II  
17/11 Høyring - Forslag om auka individvekt for settefisk av laks, aure og regnbogeaure (prøveordning)  
18/11 Tettstadforming 2011  
19/11 Lutelandet som nav i vestlandsk vindindustri.  
20/11 Trygge lokalsamfunn" - regodkjennung av Sogn og Fjordane fylkeskommune  
21/11 Løyving til prosjekt Merking og gradering av turløyper på Vestlandet  
22/11 Nedlegging av program for sortsutvikling på frukt og bær  
23/11 Skriv og meldingar  
24/11 Deltaking i inkubatorordning i Ningbo, Kina  
25/11 Årsmelding 2010 - Hovudutval for plan og næring  
26/11 Søknad om overføring av konsesjonar for uttak av skjellsand i Bremanger og Askvoll.  
27/11 Regionale utviklingsmidlar 2011 - fordeling III  
28/11 INU-FSF. Årsrapport for 2010 og planar framover  
29/11 Søknad om tilskot til prosjektet "Mellom fjell, fjord og folk" i programmet Naturarven som verdiskapar Direktoratet for naturforvaltning  
30/11 Bulyst søknadar - prioriteringar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune  
31/11 Plan for rekruttering, kompetanseheving og likestilling i landbruket 2011  
32/11 Regionale utviklingsmidlar 2011 - fordeling IV  
33/11 Regionalt forskingsfond Vestlandet - årsmelding 2010  
34/11 Strategi for breibandutbygging fase 7  
35/11 Utviklingsavtale i samband med rutilutvinning i Naustdal  
36/11 Strategi for utbygging av andre generasjons breiband i Sogn og Fjordane  
37/11 Tertialrapport 1/11  
38/11 Skriv og meldingar  
39/11 Tilskot til tiltak innan, vilt- og friluftsføremål 2011  
40/11 Finansiering av stillingar i vassområda  
41/11 Regionale utviklingsmidlar 2011 - fordeling V

- 42/11 **NOU 2011:3 Kompetansearbeidsplasser - drivkraft for vekst i heile landet Høyring**
- 43/11 **Reiselivsplanen - avtalar med reisemålsselskapa 2011**
- 44/11 **Fordeling av midlar til kommunal drift av frisklivstilbod i 2011**
- 45/11 **Omdanning Sikkerheitssenteret i Måløy**
- 46/11 **Høyring - Rapport om effektivt og bærekraftig arealbruk i havbruksnæringa**
- 47/11 **Budsjett 2012/Økonomiplan 2012-15; Utfordringar og satsingar**
- 48/11 **Skriv og meldingar**
- 49/11 **Regionale utviklingsmidlar 2011 - Fordeling VI**
- 50/11 **Prioritering av søknader - breibandutbygging fase 7**
- 51/11 **Fagerbergutvalet si utgreiing NOU 2011:6 - Et åpnere forskningssystem - høyrisingsuttale fra Sogn og Fjordane fylkeskommune**
- 52/11 **Innføring av arealavgift/ressursskatt i akvakulturnæringa.**
- 53/11 **Søknad - Energiregion Sogn og Fjordane**
- 54/11 **Budsjett 2012 / økonomiplan 2012-2015 - prioriteringar innan sektoren plan og næring - framlegg til budsjettekst**
- 55/11 **Tertiarrapport 2/11**
- 56/11 **Skriv og meldingar**
- 57/11 **Tildeling av midlar til kommunal drift av frisklivstilbod i 2011**
- 58/11 **Regionale utviklingsmidlar 2011 - Fordeling VII**
- 59/11 **Avtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Ugt Entreprenørskap Sogn og Fjordane - 2012-2014**
- 60/11 **Skriv og meldingar**
- 61/11 **Målekart for plan og næring**
- 62/11 **Skriv og meldingar**
- 63/11 **Møteplan 2012 - Hovudutval for plan og næring**
- 64/11 **Vindkraftforum Sogn og Fjordane - val av representant**
- 65/11 **Regionale utviklingsmidlar 2011 - Fordeling VIII**
- 66/11 **Budsjett 2012/Økonomiplan 2012-15**
- 67/11 **AHA - Mål og strategiar for arbeidsprogrammet**
- 68/11 **Kystarven - Søknad om prosjektfinansiering**
- 69/11 **Søknad om tilskot til ladepunkt for hurtiglading av el-bilar på Oppedal ferjekai**
- 70/11 **Nye retningsliner for kommunale næringsfond frå 2012 - orientering og status og høve til å kome med innspel til arbeidet fram mot vedtak av nye retningsliner**
- 71/11 **Organisering av næringsapparatet**
- 72/11 **Fastsetting av planprogram - Forvaltningsplan vassregion Sogn og Fjordane 2016-2021**
- 73/11 **Løyving av eigendelsmidlar 2011**
- 74/11 **Fylkespris til iderike bygder 2011**
- 75/11 **Regional planstrategi - høyring, analyse- og utfordringsdokument**



**SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE**

Fylkeshuset  
Askedalen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 65 61 00  
Telefaks: 57 65 61 01  
E-post: [postmottak.sentraladm@sfj.no](mailto:postmottak.sentraladm@sfj.no)  
[www.sfj.no](http://www.sfj.no)

Framside: Kalvåg.  
Foto: Birthe Johanne Finstad/Sogn og Fjordane  
fylkeskommune.